



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Møteinnkalling

Utvalg:	Verneområdestyret for SVR
Møtested:	, Revsnes Hotell, Byglandsfjord
Dato:	03.03.2026
Tidspunkt:	11:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/26	Godkjenning av innkalling og saksliste		
ST 2/26	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 3/26	Orienteringer		
ST 4/26	Referatsaker		
ST 5/26	Føringar for vidare arbeid med reduksjon av motorferdsla i verneområda.		2026/2220
ST 6/26	Føringar for vidare prosess for flytting av Storsteinen turisthytte og omlegging av tilhøyrande hytte- og løypenett		2026/2797
ST 7/26	Søknad om bygging av ny nettstasjon ved Sandvigsvatnet, fv 450. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Glitre nett. Sirdal kommune.	X	2025/9471
ST 8/26	Førebuande klagehandsaming - Søknad om helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2026, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK BASE		2025/10335
ST 9/26	Førebuande klagehandsaming - Delegert vedtak 8/26 - Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Kvanndalen landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde, gnr/bne, 68/1, Suldal kommune		2026/593
ST 10/26	Prioritering av tiltaksmidlar for 2026		2025/10962
ST 11/26	Møteplan for verneområdestyret 2026		2026/2740
ST 12/26	Søknad om dispensasjon til snøskutertransport av varig rørslehemma elev i samband med skuletur til Sandvatn turisthytte i Frafjordheiane landskapsvernområde, Sirdal kommune - Vikeså skule		2026/2855
ST 13/26	Eventuelt		
RS 1/26	Innvilga - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Sirdal 2/44 - Grydalen - helikopter - Byggmester Viland AS		2025/10405
RS 2/26	Innvilga - motorferdsel i SVR - Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal 62/3 - Blåfjellenden - helikopter - Stavanger turistforening		2025/11004
RS 3/26	Innvilga - motorferdsel i SVR - Dyraheio landskapsvernområde - Suldal 39/1 - 39/2 - Stranddalen turisthytte - helikopter - Stavanger turistforening		2025/10624

RS 4/26	Innvilga - motorferdsel i SVR - Lusaheia landskapsvernområde - Hjelmeland - helikopter - ettersanking av Sau - Stakken, Storhidler og Nilsebu beitelag	2025/11166
RS 5/26	Innvilga - Frafjordheiane landkapsvernområde - Sandnes 22/1 - Lysefjorden - Kjeragveggen - Geitanetset - droneflyging - Barba prosjektet - Barba AS	2025/11854
RS 6/26	Delvis innvilga - motorferdsel i SVR - Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal - Sirdal - Hunnedalen - snøskuter - løypekøyring - Stavanger Røde Kors Hjelpekorps	2025/11420
RS 7/26	Innvilga - motorferdsel i SVR - Kvanndalen landskapsvernområde - Suldal 68/1 - Hvanndalen turisthytte - Svultanuten - helikopter - Stavanger turistforening	2025/11514
RS 8/26	Innvilga søknad om flytting av basestasjonar og endring av køyreruter i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Valle kommune - Jæren Smalalag	2026/1006
RS 9/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Sirdal 9/91 - Ålsheia - Valevatn - Sinneshie 35 - motorferdsel - snøskuter - Rune Malmei	2026/2166
RS 10/26	Uttale - Lusaheia landskapsvernområde - detaljplan for miljø og landskap - Hjelmeland - Suldal - Blåfjell pumpe - tiltak på fire dammer i Blåsjømagasinet	2026/984
RS 11/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Valle 63/7 - Kverevatn - motorferdsel - snøskuter - Knut Inge Uppstad - Jorunn Synnøve Uppstad	2026/2036
RS 12/26	Opprettholder vedtak - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Sirdal 2/52 - snøskuter - Finn Harald Husberg	2024/12062
RS 13/26	Vedtak - fastsetting av tal på snøskutertransportar - Bykle - Valle - Sirdal - Sandnes - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - motorferdsel - varetransport - kvisting til turisthytter - 2026 - 2027 - Stavanger turistforening	2026/1007
RS 14/26	Vedtak - fastsetting av tal på snøskutertransportar - Suldal - Kvanndalen - Dyraheio landskapsvernområde - Holmavassåno biotopvernområde - motorferdsel - varetransport - kvisting til turisthytter - 2026 - 2027 - Stavanger turistforening	2026/1007
RS 15/26	Innvilga - endring av køyrerute - Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 2/8 - Kalsvatn - Enden - motorferdsel - snøskuter - Dag Hovden	2025/12946

RS 16/26	Vedtak - avgrensing i tal turar - transport til turisthytter - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral - Bygland - Valle - motorferdsel - snøskuter - ATV med belte - DNT Sør	2026/462
RS 17/26	Innvilga - Vormedalsheia landskapsvernområde - Hjelmeland 37/7 - Vasstøl - driftehytte ved Skitholtjørna - motorferdsel - snøskuter - Klarfrid Mæland	2026/1658
RS 18/26	Administrativ uttale - tilleggsgutgreiing for villrein - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane - Kvanndalen landskapsvernområde med plantelivsfredning - Holmavassåno biotopvernområde - Suldal - Bykle - konsesjon - vilkårsrevisjon - Røldal-Suldal reguleringane	2024/5029
RS 19/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Frafjordheiane - Sirdal - motorferdsel - snøskuter - drift og tilsyn av anlegg - 2025 - 2030 - Sira-Kvina kraftselskap	2026/1355
RS 20/26	Delvis innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/7 - Forgard - Åsland - motorferdsel - snøskuter - Kyrkjebygd driftehei v/ Kai Ove Rundevold	2026/1318
RS 21/26	Innvilga - Kvanndalen landskapsvernområde - Holmavassåno biotopvernområde - Suldal 68/1 - motorferdsel - snøskuter - Reidar Johan Sandal	2026/593
RS 22/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sirdal - Åseral - Kvinesdal - motorferdsel - snøskuter - ATV med belter - helikopter - 2025 - 2029 - Statnett SF	2026/65
RS 23/26	Innvilga - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 1/4 - 1/286 - Hovden - motorferdsel - snøskuter - Inger Anne Sauro	2026/597
RS 24/26	Frafjordheiane landskapsvernområde - Gjesdal - Sandnes - Sirdal - motorferdsel - snøskuter - varetransport til turisthytter - Inge Marton Østebø	2026/1099
RS 25/26	Innvilga - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Sirdal 9/6 - Sinnes - Valevatn - Svåbergstøl - snøskuter - John Carsten Sinnes	2025/10583
RS 26/26	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes 248/1 - Øvre Espedalsstøl - motorferdsel - ATV - Mindor Holte	2026/233
RS 27/26	Innvilga - Frafjordheiane landskapsvernområde - Sandnes 248/1 - Øvre Espedalsstøl - motorferdsel - snøskuter - Mindor Holte	2026/232
RS 28/26	Innvilga - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 1/10 - snøskuter - Veringsåe Kraft AS	2025/13060

RS 29/26	Innvilga - motorferdsel i SVR - Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Bykle 1/10 - Veringsdalen - snøskuter - Ole Prytz Bruun	2025/9530
RS 30/26	Innvilga - Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde - Lusaheia - Hisdal naturreservat - Bykle - Hjelmeland - motorferdsel - snøskuter - helikopter - tilsyn med kraftlinjer - Statnett SF	2025/12497
RS 31/26	Innvilga - revidert løyve - Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde - Åseral 2/7 - 1/26 - Dalan - Teistedalen - motorferdsel - snøskuter - Bernt Elias Åsland - Inger Åsland	2025/247



Arkivsaksnummer: 2026/2220

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 23.02.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	5/26	03.03.2026

Føringar for vidare arbeid med reduksjon av motorferdsla i verneområda.

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret syner til vedtak i arbeidsutvalet sak 5/26, 6/26, 7/26 og 8/26 om rammer for vidare arbeid med avgrensing av motorisert ferdsel i verneområda.

Verneområdestyret legg til grunn dei føringane som kjem fram av saka punkt 1 – 5.

Prosessen vert gjennomført administrativt. Arbeidsutval og verneområdestyret vert halden orientert undervegs. Større prinsipielle avklaringar må takast med arbeidsutval eller verneområdestyret.

Arbeidet skal vera avslutta i oktober 2026 og der sluttrapport med tilråding vert lagt fram som sak i siste møte verneområdestyret 2026.

Der resultata krev endring i praksis må dette takast som del av handsaming av dei enkelte motorferdselsøknadane.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunnen for denne saka er arbeidsutvalet sine vedtak 23.1.2026 (utvalsak 5/26, 6/26, 7/26 og 8/26) der turistforeiningane sine motorferdselløyve knytt til kvisting og forsyning av turisthyttene vart forlenga med eit år. Følgjande formulering var del av vedtaka:

I tiltaksplanen (tiltakspakke 2) er det lagt opp til eit større arbeid med å redusere den samla påverknaden frå motorferdsel i villreinområda. Vernemyndigheitane mfl. er gjeven eit ansvar i gjennomføringa. I ljøs av dette bør det for dei større aktørane med mykje motorisert ferdsel settast i gong eit arbeid med å konkretisere og iverksette dei nemnde tiltaka. Av den grunn bør løyvet for turistforeiningane i denne omgang avgrensast til eit år. I løpet av denne perioden er det ei klar forventning om at alle dei større aktørane har ei kritisk gjennomgang av eigen verksemd med siktemål å redusere motorferdsla. I tillegg sjå på korleis naudsynt motorferdsel kan gjennomførast med mindre forstyrring av villreinen. Ramma for eit slikt arbeid bør leggjast fram som ei eigen sak for verneområdestyret.

Når det gjeld tiltaksplanen som det vert synt til så vil denne venteleg bli vedteken før sommaren. Ut i frå innhaldet i tiltaksplanane for villreinområda lenger nord som alt er vedteken, vil det neppe bli store endringar i høve til tiltak knytt til motorferdsel.

For å komme i mål før neste sesong er det avgjerande å kome raskt i dialog med dei aktuelle aktørane. Denne saka legg ramma for arbeidet og kva som vil vera aktuelt å utfordre aktørane på. Det er naturleg å sjå føre seg at det som kjem ut av arbeidet også vert forankra i ein revidert forvaltningsplan for verneområda.

Vurdering

1.Avgrensing av arbeidet

Arbeidet er i denne omgang tenkt avgrensa til større føretak og organisasjonar som årleg har mykje motorferdsel (snøskuter og helikopter) knytt til si verksemd, og der den aktuelle motorferdsla er søknadspliktig etter ein av verneforskriftene.

For å ikkje famne for vidt i prosessen er maskinpreparering av skiløyper tenkt halden utanfor og handtert i samband med fornying av løyva. Det same gjeld leitegruppene og dei frivillige organisasjonane sine kjentmannsturar.

Andre søknadspliktige aktørar med ein god del motorferdsel er Jæren smalelag, Pytten gard og Fjellstyrene i Hjelmeland, Suldal og Bykle. Det vert lagt opp til ein særskild dialog med desse i samband med revisjon av forvaltningsplanen.

Aktuelle aktørar i denne prosessen vert då som følgjer:

Sira – Kvina kraftselskap

Å Energi

Otra kraft/Otteraaens Brugseierforening

Glitre Nett

Statnett

Stavanger Turistforening

DNT sør

Statskog

2.Oversikt over dagens nivå på motorferdsla

Skal ein redusere motorferdsla må ein vite nivået på denne i dag. I tabellen nedanfor er det gjort ei oppsummering frå dei to føregåande åra. I første omgang har ein berre sett på tal turar, ikkje køyredistanse, lokalisering i høve til særleg sårbare område mv.

	2024		2025		
Aktør	Snøskuter	Helikopter	Snøskuter	Helikopter	Merknad
Sra - Kvina kraftselskap	130	0	130	0	Kun anslag fra SK, ikke rapportert
Å Energi (Åseral/Bygland)	20	0	22	1	
					I tillegg 42 landingar med helikopter 2024 ifbm. frakt av gytegrus + 23 landingar i 2025 ifbm. større vedlikehold
Otra kraft/Otteraaens BEF	44	2	44	1	
Gitre nett	17	1	0	0	
Statnett	3	1	3	11	
Stavanger Turistforening	159	47	159	51	
DNT sør	81		113		For 2024 mangler rapport fra to transportører.
Statskog	44	0	27	0	

3.Prioritering av område og mellom aktørar

Eigedomsstruktur, mykje kraftutbygging og det samle tilbodet av turisthytter og fjellhytter i verneområda betyr også mykje motorferdsel for å drifte dette. Forvaltar legg til grunn at aktørane jamt over køyrer det som er naudsynt. Det bør likevel vera nyttig, og i aktørane sin eigeninteresse, med ein kritisk gjennomgang for å sjå på moglegheiter for meir effektiv transport og/eller andre måtar å legge opp transporten på.

I arbeidet er det naturleg med eit visst skilje mellom kraftselskap og nettselskap som drifter samfunnskritisk infrastruktur, og andre kommersielle og frivillige aktørar. For kraftselskap og nettselskap må ein kanskje akseptere ein meir beskjeden reduksjon slik at anlegga kan driftast på ein praktisk og forsvarleg måte.

I mange høve er forstyrringa frå ferdsel til fots/på ski meir negativt for ivaretaking av verneverdiane enn motorferdsla som krevst for å drive hytte- og løypetilbodet. Der det er naudsynt med omfattande tiltak for å minske belastninga frå ferdsel bør dette skje gjennom omlegging/nedlegging/flytting av løyper og hytter, slik tiltaksplanen legg opp til i kring Storsteinen og områda aust for Rosskreppfjorden. Utgangspunktet for arbeidet verneområdestyret har til handsaming no vil difor vera at tilbodet på turist og fjellhytter i hovudsak vert oppretthalden, men med målsetning om eit mindre avtrykk frå motorferdsla enn det ein har i dag.

Verneområda er varierte og nokre delar meir sårbare for forstyrring enn andre, og til ulike tider på året. I vidare prosess er det naturleg å særleg få til ein reduksjon av motorferdsla i:

- Viktige vinterbeiteområde slik dei er definert i klassifiseringa etter kvalitetsnorma delnorm 3.
- Trekkområde og kalvingsområder for villrein
- Nærleiken til hekkelokalitetar for rovfugl og hubro
- Unngå flyging (landing) i perioden og område med reinsjakt

4.Videre prosess

Utgangspunktet bør vera at aktørane sjølv vert utfordra på korleis dei kan redusere eigen motorferdsel. Det er naturleg å starte arbeidet med eit skriv til dei aktuelle og med eit påfølgjande teams-møte der ein går gjennom rammer og målsetting for arbeidet.

I høve til konkrete tiltak bør aktørane særleg vurdere følgjande, lista er ikkje uttømande, Andre tiltak kan kome fram i prosessen:

- Korleis gjere transporten meir effektiv, færre turar og kortare tidsrom.
- Kva ruter er kortast og minst belastande for verneverdiane
- Kor er det potensiale for samkøyring og samordning mellom fleire aktørar?
- Kan/bør meir transport over på helikopter eller båt?
- Vurdering av større lokale lagre som kan fyllast på barmark slik at transportlenga på vinteren vert kortare.
- Kor kan det vera aktuelt med friviljug reduksjon i tilbodet, til dømes stenging av hytter delar av sesongen eller reduksjon i komforten/tilbodet på den enkelte hytte.
- Reduksjon i tidsrom for kvisting av vinterløypene, til dømes utsetting til påske, eller fjerne kvistinga før påske der det er særlege grunnar for det
- Tidspunkt for køyring og landing

5.Politisk involvering, sluttresultat og vidare formalisering, framdrift

Proessen vert gjennomført administrativt. Arbeidsutval og verneområdestyret vert halden orientert undervegs. Større prinsipielle avklaringar må takast med arbeidsutval eller verneområdestyret.

Arbeidet skal vera avslutta i oktober 2026 og der sluttrapport med tilråding vert lagt fram som sak i siste møte verneområdestyret 2026.

Der resultata krev endring i praksis må dette takast som del av handsaming av dei enkelte motorferdselssøknad.

Konklusjon

Verneområdestyret legg til grunn dei føringane som kjem fram av saka punkt 1 – 5.



Arkivsaksnummer: 2026/2797

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 23.02.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	6/26	03.03.2026

Føringar for vidare prosess for flytting av Storsteinen turisthytte og omlegging av tilhøyrande hytte- og løypenett

Forvaltar si innstilling

Det visast til Klima- og miljødepartementets høyringsframlegg til «*Tiltaksplan for Setesdal Ryfylke villreinområde*», og Verneområdestyret for SVR sin uttale til denne.

For den vidare prosessen med omlegging av hytte- og løypenettet ved Storsteinen, legg verneområdestyret til grunn dei føringar og vurderingar som kjem fram av saksframlegget.

Proessen blir gjennomført administrativt. Arbeidsutval og verneområdestyret blir haldt orientert undervegs. Større prinsipielle avklaringar må takast med arbeidsutval eller verneområdestyret.

Arbeidet skal være avslutta seinast 1. august 2026. Før endeleg handsaming i verneområdestyret må SVR ha mottatt søknad frå Stavanger turistforening, og hatt denne ut på ei avgrensa høyring.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunnen for saka er den pågåande prosessen med «*Tiltaksplan for Setesdal Ryfylke villreinområde*». I departementets høyringsutkast til tiltaksplan, er tiltak knyt til «*Omlegging av hytte- og løypenettet ved Storsteinen*» omtala under tiltak 45. Ein forventar at tiltaksplanen blir endeleg vedtatt før sommaren, utan store endringar for dette konkrete tiltaket.

SVR har hatt ein prosess opp mot STF om flytting av Storsteinen sidan 2016. Dei siste tre åra har arbeidet blitt intensivert i samband med arbeidet med tiltaksplanen. I denne prosessen har og aktuelle grunneigarar og kommunar vore involvert. Den breie involveringa, har gjort det mogleg å sjå heilskapen i hytte- og løypenettet for området mellom Blåsjø og Lysebotn. Tiltak 45 i høyringsutkastet til tiltaksplanen, og særleg kartet på s. 44, skisser rammene for ei «totalpakke» av store og små tiltak som er kopla opp flytting av Storsteinen.

Forvaltningssekretariatet har mottatt signal frå STF om at dei ønskjer å fremme ein samla dispensasjonssøknad, for alle nødvendige tiltak i samband med flyttinga av Storsteinen

turisthytte. STF tek sikte på å ha søknaden klar til SVR sitt styremøte i august. Det leggst og opp til ein presentasjon av hovudinnhaldet i søknaden på SVR sitt styremøte i juni. Om nødvendige løyve og finansiering kjem på plass i løpet av 2026, ser STF føre seg å starte arbeidet med omlegginga av hytte- og løypenettet i 2027.

Endeleg handsaming av søknaden i verneområdestyret bør vente til departementet har vedtatt tiltaksplanen.

STF har i tillegg signalisert at dei svært gjerne vil ha ei oversikt kva for føringar SVR ser føre seg å legge for drifta av hytte- og løypenettet dei kommande åra. Her visast det til tema som; sesongstenging av hytter, endring av kvistetidspunkt, omlegging/ nedlegging av stiar og løyper, reduksjon av motorferdsel.

Forvaltningssekretariatet ser føre seg at det fram mot neste styremøte, vil bli behov for drøftingar med STF om punkt i planane om flytting av Storsteinen kor ikkje alt er på plass. Ein ser føre seg at desse drøftingane blir relativt detaljerte, og at dei vil gi nokre føringar for både STF sin søknad og SVR si handsaming av denne. Til desse drøftingane ønskjer derfor forvaltningssekretariatet å ha eit mandat som er forankra i verneområdestyret. Særleg for å sikre at vi ikkje stiller krav eller tilrår løysingar som verneområdestyret ikkje kan stå inne for. Mandatet kan likevel ikkje sjåast på som bindande for verneområdestyret si endelege søknadshandsaming. Slike vedtak kan først skje på bakgrunn av ein detaljert søknad og eit grundig saksframlegg.

Eit framlegg til innhaldet i mandatet kjem lenger ned i saka under «*Vurderingar*».

Når det gjeld STF sitt ønske om ei oversikt over andre aktuelle føringar for drifta av hytte- og løypenettet, kan ikkje SVR være like konkrete. Faktagrunnlaget er ikkje like godt utgreia og prosessen har ikkje vore like omfattande. Ei løysing kan derfor være at forvaltningssekretariatet innleiingsvis sender nokre signal til STF, basert på tidlegare vedtak og uttaler frå verneområdestyret og AU.

Vurdering

Videre prosess

På bakgrunn av den allereie gjennomførte prosessen om flytting av Storsteinen, kor grunneigarar og kommunane har vore involvert, blir dei attståande punkta tatt direkte med STF. Grunneigar og kommunar vil bli ytterlegare involvert ved behov.

Proessen blir gjennomført administrativt. Arbeidsutval og verneområdestyret blir haldt orientert undervegs. Større prinsipielle avklaringar må takast med arbeidsutval eller verneområdestyret.

Arbeidet skal være avslutta seinast 1. august 2026. Søknad frå STF må komme så tidleg at SVR rekk å sende denne på ei avgrensa høyring. SVR legg opp til å handsame søknaden frå STF i styremøte i august/september 2026.

Generelle føringar

Eksisterande turisthytter skal stenge så snart at ny turisthytte er opna. Riving skal være gjennomført i løpet av neste barmarkssesong. Nøyaktig tidspunkt for riving må tilpassast dyrelivet i område.


Eksisterande løypestrekningar skal leggst ned så snart ny løypestrekning er opna. Nedlegging av ein løypestrekning skal innebære; fysisk fjerning av merking og vardar, fjernast

som merka løype frå ut.no, kart m.v., det blir gitt nødvendig informasjon om at løypa er nedlagt.

Konkrete føringar

Under kjem ei oversikt over aktuelle tema for drøftingane med STF, med ei kort tilråding for kva som kan være SVR sin ståstad.

Flytting/bygging/riving av turisthytter



Kart som viser tiltak 1-13. Blått punkt: lokalisering ny hytte, Svart punkt: hytte som leggst ned, Rødt punkt: eksisterande, uendra hytte, Svart strek: sti som skal leggst ned, Blå strek: ny stitrasé, Rød strek: eksisterande, uendra stitrasé

1. Storsteinen flyttast til «Helvetesvatnet» (nytt namn vil komme), om lag 350 på utsida av vernegrensa. Storleik på 16+4 senger

Tilråding: Bygging av ny hytte skal ikkje handsamast av SVR. Uansett positivt at hytta flyttast lenger bort frå trekkpassasjane i Steinbuskardområde, og at den blir liggande utanfor verneområde

2. Riving av Storsteinen

Tilråding: SVR kan godta riving av Storsteinen. Alle bygningar må fjernast. Ein kan vurdere å la brua ved turisthytta stå, til prøveperioden (10 år) for nedlegging av løypa Storsteinen-Kringlevatn er ute.

3. Eidavatn flyttast til Slettedalskvelven, om lag 100 på innsida av vernegrensa. Storleik på 28+4 senger

Tilråding: SVR kan godta bygging av ny turisthytte. Nøyaktig plassering og utforming avgjerast i den endelege søknadsprosessen. Negativt at hytta framleis blir liggande i Lusaheia landskapsvernområde, men ny plassering er betre enn den gamle i høve til landskap og villrein. Det var ikkje mogleg å finne ei skred- og flaumsikker plassering på utsida av vernegrensa.

4. Riving av Eidavatn

Tilråding: SVR kan godta riving av Eidavatn. Alle bygningar må fjernast. Dette sjølv om det er ønskje frå nokre grunneigarar i område om å behalde ei sikringshytte.

5. Riving av Grasdalen

Tilråding: Ligg ikkje i verneområde så riving skal ikkje handsamast av SVR. Atterhald om endeleg avtale med grunneigarane.

6. Ny nødbu ved Storevassdammen

Tilråding: SVR kan godta ei nødbu, men i så fall på strenge vilkår. Desse kan være: prøveperiode på 10 år, plassering heilt i vegkanten, ikkje permanent bygning, må sjåast i samband med val av «langt» løypealternativ til «Helvetesvatnet» (9).

Omlegging/nedlegging/nyetablering av turistløyper

7. Ny løype Gyvassfjellet-Storevassdammen (2 km)

Tilråding: SVR kan godta ny løype. Vil gje mindre forstyrring av villrein enn eksisterande løype (8). Merking av løypa kan med fordel gjennomførast før resten av tiltaka.

8. Nedlegging av løypa Gyvassfjellet/Storevassdammen-Storsteinen (8 km)

Tilråding: SVR kan godta nedlegging av løype. Nedlegging av delar av løypa kan med fordel gjennomførast før resten av tiltaka.

9. Ny løype Storevassdammen-«Helvetesvatnet» (8 km)

Tilråding: SVR kan godta ny løype. Vil gje mindre forstyrring av villrein enn eksisterande løype. «Langt» løypealternativ vil skjerme Storsteinsdalen best og bør veljast. Nødbu ved Storevassdammen (6) mest aktuelt om dette løypealternativet veljast.

10. Nedlegging av løypa Storsteinen-Kringlevatn (9 km)

Tilråding: SVR kan godta nedlegging av løype. Det må avklarast nærare kva som ligg i at nedlegginga er for ein prøveperiode på 10 år. Merking og vardar må fjernast minimum 2 km i kvar ende. Svært positivt for villreinen at løypa blir lagt ned.

11. Nedlegging av løypa Storsteinen-Litle Aurådal (14 km)


Tilråding: SVR kan godta nedlegging av løype. Svært positivt for villreinen at løypa blir lagt ned.

12. Ny løype Slettedalen-Nilsebu (8 km)

Tilråding: SVR kan godta ny løype. Vil gje mindre forstyrning av villrein enn eksisterande løype (13). Område blir relativt lite brukt av villreinen. Vil forutsette ny bru over Storåna (16). Det vil og være behov for ei mindre flytting av løypekrysset til Melands-Grønahei.

13. Nedlegging av løype Eidavatn-Nilsebu (12 km)

Tilråding: SVR kan godta nedlegging av løype. Positivt for villreinen at løypa blir lagt ned.



Kart som viser tiltak 14-15. Svart strek: sti som skal leggest ned, Grøn strek: ny stitrasé, Rød strek: eksisterande, uendra stitrasé


14. Ny løype Grautheller- Indra Brudlidtjørna (11 km)

Tilråding: SVR kan godta ny løype. Ny løype truleg like bra/dårleg for villreinen som eksisterande løype (15). Område blir relativt lite brukt av villreinen. Det vil truleg være behov for to-tre mindre bruer/klopper på denne løypestrekninga. Behov og plassering vil bli avklart etter synfaring sommaren 2026.

15. Nedlegging av løypa Indra Brudlidtjørna-Kamsvatnet (6 km)

Tilråding: SVR kan godta nedlegging av løype.

Bygging av nye bruer og klopper



Kart som viser plassering av nye bruer og klopper. Raude punkt viser ny bru over Storåna (16) og Grasdalsåna (17), blå punkt viser klopper ved Storsteinsdalen (18-19).

16. Ny bru over Storåna

Tilråding: SVR kan godta bygging av ny bru. Nøyaktig plassering og utforming avgjerast i den endelege søknadsprosessen. Negativt for landskapet at dette truleg blir ei stålbru på om lag 20 m. Grunneigarane i område ville uansett søkt om ei slik bru.

17. Ny bru over Grasdalsåna

Tilråding: Ligg ikkje i verneområde så ny bru skal ikkje handsamast av SVR.


18. Klopp i Storsteinsdalen

Tilråding: SVR kan godta ny klopp. Vadesteinar plasserast med helikopter.

19. Klopp ved utløpet av Helvetesvatnet

Tilråding: SVR kan godta ny klopp. Vadesteinar plasserast med helikopter.

Omlegging/nedlegging/nyetablering av kvista løyper



Kart over nedlagt (svart) og ny (raud) kvista løype ved flytting av Storsteinen til Helvetesvatnet (20-21).

20. Ny løype Storsteinen-Helvetesvatnet-Beinleiddokki (9 km)

Tilråding: SVR kan godta ny løype. Nøyaktig løypetrase blir bestemt etter synfaring i vinter. Ny løype truleg like bra/dårleg for villreinen som eksisterande løype (19).

21. Nedlegging av løypa Storsteinen-Beinleiddokki (6 km)

Tilråding: SVR kan godta nedlegging av kvista løype.

Verneområdestyret vil og signalisere at ønskjer at løypa Kvinglevatn-Viki blir lagt ned, slik det var snakk om tidlegare i prosessen. Denne løypa går over Steinhei som er eit svært viktig område for villreinen om sommaren.

SVR vil og signalisere at ein og ønskjer at kvista løypa Kringlevatn-Storsteinen blir lagt ned, slik at ein ikkje få to parallelle løyper i dette område.

Desse og andre aktuelle tiltak blir ein del av prosessen med STF om føringar for andre delar av STF sitt hytte- og løypenett.



Arkivsaksnummer: 2025/9471

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 24.02.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	7/26	03.03.2026

Søknad om bygging av ny nettstasjon ved Sandvigsvatnet, fv 450. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Glitre nett. Sirdal kommune.

Vedlegg:

- 1 Kartskisse ny nettstasjon ved Sandvigvatnet.pdf

Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Glitre nett løyve til å sette opp ein ny nettstasjon ved dammen ved Rosskreppfjorden, gnr. 1, bnr. 19 i Sirdal kommune. Tiltaket inneber oppføring av ein bygning med maks storleik 8,5 m² BYA og med maks. 3,20 meter høgde. Løyvet gjeld også for fjerning av mastepunkt og luftspenn, gravearbeid for tomt og kabelgrøft inkludert motorferdsel knytt til dette. Tiltaka er beskrive i kart dagsett 2.17.2026 som ligg ved saka.

Øvrige vilkår:

- Tiltaket skal gjennomførast i perioden juni – september, men utanom fellesferien veke 28 – 30.
- Inngrepsbreidda for tomt og kabelgrøft skal strengt avgrensast til det som er naudsynt for gjennomføring. Ved graving av grøft skal toppmassa leggjast til sida og tilbakeførast som topplag når grøfta vert lukka.
- Byggetomta kan masseutskiftast ved behov men kan maksimalt høgast opp med 15 cm.
- Bygningen skal førast opp i betong og med farge tilpassa omgjevnadane. Før byggstart skal det sendast inn revidert byggeteikning som skal godkjennast av forvaltningssekretariatet.
- Bruk av motorkøyretøy utanfor veg skal avgrensast til det som er strengt naudsynt og med føresetnad at det ikkje vert varige køyrespor. I fuktige parti skal det køyrast på skytematter eller tilsvarande for å unngå køyrespor.

Før byggearbeidet tar til må Glitre nett hente inn naudsynt tillating frå råka grunneigarar og andre offentlege etatar der dette er naudsynt.

Løyvet gjeld fram til 3.3.2029. Forvaltningssekretariatet skal ha melding straks byggearbeidet er avslutta. Verneområdestyret føreset at omtala mastepunkt og straumline på nordsida av vegen vert fjerna straks ny nettstasjon er sett i drift.

Verneområdestyret legg vekt på at bygningen er liten av storleik og at mastepunkt og straumline på nordsida av vegen kan fjernast. Vidare ligg bygningen i eit område det frå før er store tekniske inngrep i form av fylkesveg, rasteplass, kraftmagasin og anna straumnett. Med plassering og utforming slik det er sett krav om vil den gjere lite ut av seg i landskapet. Det vil heller ikkje medføre auka ferdsel i området gjennom året og vinteren spesielt. Verneområdestyret legg vekt på søkar er pålagt ein annan plassering enn ordninga som er i dag.

--- slutt på innstilling ---


Saksopplysninger

Glitre nett har søkt om bygging av ein ny nettstasjon ved Sandvigsvatnet (Håhellervatn) i Sirdal kommune. Utvendige mål på nettstasjonen er 2,25 meter x 2,70 meter (6,1 m² BYA), og med mønehøgde 3,20 meter.

Nettstasjonen er på 22 kV straumlina mellom Suleskard og Rosskreppfjorden. Denne sørger for straumforsyning til drift av Sira – Kvina sine anlegg i området, samt til Agder Fylkeskommune /SVR sitt anlegg ved rasteplassen ved Håhellervatn. Dagens nettstasjon er plassert i Sira-Kvinas sitt bygg i fjell der Glitre Nett ikkje har sjølvstendig tilgang. Glitre Nett tok overtok straumnettet i området for nokre år sidan og søker no om etablering av utandørs nettstasjon slik at dei ikkje er avhengig av Sira – Kvina for tilgang, noko som kan gi auka responstid med feilretting mv. Søkar syner til forskriftskrav der dei er pålagt sjølvstendig tilgang.

Det vart opphåveleg søkt om plassering av nettstasjonen mellom hovudbygget på rasteplassen og fylkesvegen, alternativt sør eller vest for hovudbygget. I dialog med søkar har ein komen fram til at plassering rett utanfor Sira – Kvina sin tunnel nærmare dammen på Rosskreppfjorden vil vera ei betre plassering. Ein unngår då plassering kloss i eksisterande bygningsmasse der det er mykje anna aktivitet. Utanfor etablert tunnel vil den og ligge godt skjerma og vera lite eksponert i landskapet.


Som del av prosjektet inngår også fjerning av et mastepunkt og luftspenn i same område. For detaljert beskriving av aktuelle tiltak og inngrep sjå kart vedlegg 1.



Kart 1: oversyn over området der tiltaket er merka med raudt punkt



Bilete 1: bilete av opphøveleg omsøkte bygning.



Målsett teikning av ny nettstasjon frå opphøveleg søknad.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Etter verneforskrifta kap. IV pkt. 1.1 er det forbod mot oppføring av bygningar i verneområdet. Søknaden må difor handsamast etter naturmangfaldslova § 48. Etter denne paragrafen kan det gjevast unntak frå vernebestemminga om tiltaket ikkje strid mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Tidlegare saker

I sak i arbeidsutvalet 1.10.2021 fekk Agder Energi nett løyve til å sette opp tre nettstasjonar nord for Hovden i Bykle. Desse plassert i Hovden Landskapsvernområde og i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Materialbruken var noko annleis der bygningane vart kledt med trepanel i grøn farge. Dei nye nettstasjonane var del av arbeidet med å fjerne luftspenn og legge det som kabel i bakken. I løyvet la arbeidsutvalet vekt på

nærleiken til eksisterande infrastruktur, mindre kollisjonsfare for fugl og ei landskapsmessig betre løysing med kabel i bakken.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfaldlova (NML)

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldslova leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

NML § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Aktuelle område ligg i viktig vinterbeiteområde for villrein. Meir sporadisk vert det også nytta gjennom barmarksesongen, men då i hovudsak av bukk. På kvar side av Håhellervatn er det i naturbase merka av trekkområde for villrein. Generelt er villreinens bruk av området i barmarksesongen sterkt avgrensa av trafikken på veg Brokke – Suleskard samt ferdsla ut i frå denne.

Når det gjeld raudlista rovfugl er det ikkje kjende hekkelokalitetar nær tiltaksområdet som vert råka. Utover dette er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» som vert råka av tiltaket. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området

NML § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Veg Brokke – Suleskard går gjennom området. Veggen er sommaropen i perioden 21.5 – 31.10, og med om lag 100 000 køyretøy som passerer. Fylkeskommunen og SVR sin rasteplass, med parkering, toalettanlegg og informasjon, ligg rett ved. Rasteplassen er etablert på gammal tipp i frå anleggstida. På nordsida av veggen går ei 22 kV straumline i luftspenn. Nord-vest for rasteplassen ligg hovuddammen på Rosskreppfjorden. Om lag 400 meter vest for Rasteplassen ligg Suleskardheia sitt anlegg med skiljegard, lasterampe og hytte som vert nytta i samband med sauedrifta i området. I nærleiken ligg også startpunkt for turistløypa inn til Håheller turisthytta, samt turistløypa inn Ramsdalen mot Taumevatn.


Ved innkøyringa til rasteplassen ligg startpunktet for SVR sin natursti som går opp til utkikkspunktet på vestsida av dammen på Rosskreppfjorden.

I vinterhalvåret er ferdsel og aktivitet i området monaleg mindre, og då i hovudsak knytt til skigåing inn frå Suleskard eller Brokke, samt i turistforeininga sitt nord/sør løypenett. Vinterstengd veg er også ein mykje nytta ferdselsåre med snøskuter i samband med drift av kraftanlegga, samt transport av utstyr, proviant og brensel til hytter i områda kring Rosskreppfjorden.

Søkar har opplyst at dei er avhengig av tilgang til nettstasjonen året rundt, men at tiltaket ikkje inneber noko auka aktivitet om vinteren. Vanleg vedlikehald vert normalt gjort i sommarhalvåret. På vinteren må dei berre inn ved feilretting.

NML § 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og NML § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Under synfaring og i dialog med søkar har ein sett på alternativ plassering av bygningen slik at den vert minst mogleg eksponert og forstyrrande for annan aktivitet i området. Det har også vore eit poeng å plassere den nær eksisterande infrastruktur. Kartet nedanfor syner dei ulike alternativa som har vore vurdert og der ein i samråd med søkar hamna på plassering nær eksisterande tunnelinngang nord for rasteplassen.



Bilete syner dei fire alternative plasseringane som har vore vurdert. Tilrådinga går på alternativ ved inngongen til tunnel merka med blått punkt i bilete.



Bilete 2 – illustrasjon av bygning i betong.

Bilete 1 i saka syner utsjånaden av bygningen slik den opphavelig vart søkt om. For å gjere den noko meir diskre og betre tilpassa omgjevnaden har ein drøfta med søkar å i staden sette den opp i betong (sjå illustrasjon bilete 2 ovanfor), noko søkar er positiv til. Bygningen vert i så fall om lag 2 m² større.

Tiltaket inneber at det vert fjerna eit mastepunkt og luftspenn på nordsida av vegen, noko som er positivt for å redusere den totale mengda tekniske inngrep i området.

Arbeidet i området bør gjennomførast i perioden juni – september då det elles er mykje anna aktivitet og ferdsel langs vegen.

Vurdering etter NML § 48

Etter denne paragrafen kan det gjevast unntak frå vernebestemminga om tiltaket ikkje strid mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Bygningen det er søkt om er liten i storleik og der ein som del av tiltaket kan fjerne delar av luftspennet på nordsida av vegen. Vidare ligg den i eit område det frå før er store tekniske inngrep i for av fylkesveg, rasteplass, kraftmagasin og anna straumnett. Med plassering og utforming slik det er beskrive i saka vil den gjere lite ut av seg i landskapet. Det vil heller ikkje medføre auka ferdsel i området gjennom året og vinteren spesielt. Ut i frå dette meiner forvaltar at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

Konklusjon

Søknaden vert innvilga med vilkår.

The first part of the paper discusses the importance of understanding the cultural context of the research. It highlights the need for researchers to be sensitive to the values and beliefs of the communities they are studying. This is particularly important in the field of education, where cultural differences can significantly impact learning outcomes.

The second part of the paper focuses on the methodology used in the study. It describes the qualitative approach adopted, which involves in-depth interviews and focus group discussions. The researchers aimed to explore the experiences and perceptions of the participants, rather than testing a specific hypothesis.

The third part of the paper presents the findings of the study. It discusses the various themes that emerged from the data, such as the role of family in education and the influence of community norms. The researchers found that there were significant differences in the way that different cultural groups viewed education and learning.

The final part of the paper discusses the implications of the findings for practice. It suggests that educators and policymakers should take into account the cultural context of their students and communities when designing educational programs. This could involve providing additional support for students from disadvantaged backgrounds or incorporating culturally relevant content into the curriculum.



Arkivsaksnummer: 2025/10335

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 12.02.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	8/26	03.03.2026

Førebuaende klagehandsaming - Søknad om helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2026, gnr/bnr, 222/1, Sandnes kommune - SBK BASE

Vedlegg:

- 1 Naturvernforbundet i Rogaland - Klage på dispensasjon til Heliboogie 2026
- 2 Miljødirektoratet - Klageavgjerd for Heliboogie 2020
- 3 SBK BASE - Oversending av merknader til klage
- 4 SBK BASE - Merknader til klage

Verneområdestyret viser til klage frå Naturvernforbundet i Rogaland på verneområdestyret sitt vedtak i sak 48/25, kor det vart gitt dispensasjon til 200 helikoptertransportar i samband med arrangementet Heliboogie 2026.

Med heimel i forvaltningslova §33 opprettheld verneområdestyret sitt vedtak. Saka sendast til Miljødirektoratet for endeleg klageavgjerd.

Med heimel i forvaltningslovas §42 blir ikkje klagen gitt oppsettande verknad.

Vedtaket grunngjevast med at tilsvarande søknad var gjenstand for ei klagehandsaming i Miljødirektoratet så seint som i 2020. Etter verneområdestyret si vurdering gir denne klageavgjerda framleis rammane for handsaminga av dispensasjonssøknaden. Verneområdestyret kan heller ikkje sjå at klagen inneheld moment som ikkje var kjent under verneområdestyrets handsaming av sak 48/25 eller til Miljødirektoratet si klageavgjerd frå 07.09.2020.

Gitt dei sterke føringane for utfallet i saka, finn ikkje verneområdestyret det riktig å gje klagen oppsettande verknad. Å gi vedtaket oppsettande verknad ville og i praksis bety at Heliboogie 2026 ikkje kunne gjennomførast.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for saken

I vedtaket i sak 48/25 ga verneområdestyret SBK BASE dispensasjon til 200 helikoptertransportar i samband med arrangementet Heliboogie 16-19. juni 2026. Dispensasjonen omfattar og persontransport av mellom anna basehopparar og arrangørstab, samt utplassering av ein mellombels installasjon under arrangementet.

Heile vedtaket hadde denne ordlyden:

Med heimel i §2 og §3, punkt 5.1, i Føreskrift om vern av Frøfjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE v/ Stein Edvardsen dispensasjon til 200 helikopterlandingar Kjerag i samband med transport av personar og utstyr til arrangementet Heliboogie 2026.

Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 16-19. juni 2026 (torsdag-fredag). Verneområdestyret legg til grunn at forstyrringa av naturmangfald og fotturistar er relativt avgrensa, og går føre seg over eit så kort tidsrom at dette vurderast til å ikkje være i strid med verneføremålet.

Med heimel i § 48 i naturmangfaldlova får SKB BASE v/ Stein Edvardsen avslag på søknaden om dispensasjon eit samla tal på 300 helikopterlandingar ved Kjerag. Verneområdestyret grunngjev avslaget med vurderingane som vart gjort av Miljødirektoratet i deira klageavgjerd for Heliboogie 2020. Her blir det mellom anna satt ei øvre tak på 200 helikopterlandingar, for å avgrense størrelsen på arrangementet og konflikhtar mellom brukargrupper. Etter verneområdestyret si vurdering utgjer dette talet framleis rammene for dispensasjonen.


Dispensasjonen på omfattar transport av basehopparar, andre luftsportutøvarar, arrangørstab, filmmannskap og journalistar til og frå Kjerag. Dispensasjonen omfattar og transport av utstyr til desse aktivitetane. Denne utvidinga av dispensasjonen kan gjennomførast, da dette vil ikkje medføre fleire helikopterlandingar.

Verneområdestyret vidarefører vedtaket frå styresak 40/20, der det vart opna for passasjerar kan takast med på returflygingane frå Kjerag til Lysebotn. Andre kan dermed sitte på returtransportane frå Kjerag til Lysebotn dersom dette ikkje medføre auke i talet på transportar.

Helikoptertransportane skal gå føre seg mellom landingspunkta Lysebotn og Kjerag. Landingspunkt på Geitaneset kan brukast dersom det oppstår situasjonar der det blir nødvendig. Det skal følgjast flygeruter som er teikna inn på kartet i vedtaket.

Verneområdestyret vil presisere at det ikkje må takast med gjenstandar som kan medføre forsøpling utfor stupkanten, og at det må leverast inn rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvaltningssekretariatet innan 1. august 2026.

Kart over flygeruter



Vi vil og gjere merksam på at det i tillegg til dispensasjon etter verneføreskrifta, må innhenta nødvendig dispensasjon frå Sandnes kommune og samtykke frå grunneigar

Med heimel i §2 og §3, punkt 1.1, i Føreskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde, samt §48 i naturmangfaldlova, får SKB BASE dispensasjon til å sette opp ein mellombels installasjon ved ein uthoppstad under arrangementet "Heliboogie 2026" 16-19. juni 2026. Installasjonen er ei rampe som skal «skyte» basehoppalar ut over stupkanten.

Verneområdestyret legg vekt på at installasjonen er relativt liten og berre skal stå på staden inntil fire dagar. Det skal heller ikkje brukast boreboltar til forankring.

Innhald i klagen

Naturvernforbundet i Rogaland (heretter NiR) klagar på Verneområdestyret for SVR sitt vedtak i sak 48/25. Her ga verneområdestyret SBK BASE dispensasjon til 200 helikoptertransportar i samband med arrangementet Heliboogie 16-19. juni 2026. NiR meiner vedtaket er i strid med verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde og at vedtaket heller ikkje kan forsvareast ut frå §48 i naturmangfaldslova.

NiR framhevar at: «Tilrettelegging for helikopterbasert ekstremsport bryt utan tvil med ideen om ålmenta si moglegheit til enkelt og uforstyrtra friluftsliv. I tillegg er det viktig å påpeika at verneføreskrifta heller ikkje er til for å skåna fotturistar. Den skal verna om landskapet og dyre- og plantelivet i Frafjordheiane». Dei merkar seg og at helikoptertransporten vil skje nokså nær registrerte hekkelokalitetar for rovfugl (tårnfalk).

NiR skriv vidare at: «Det burde vera innlysande at bruk av helikopter i samband med basehopping strir mot formålet med verneføreskrifta, då denne aktiviteten manglar forankring i tradisjonelt friluftsliv og helikoptertransport må seiast å representera ei vesentleg teknisk tilrettelegging. Utøving av ekstremsport har introdusert både støy og omfattande tilrettelegging på Kjeragplatået gjennom mange år. Stadige dispensasjonar som dette gir uheldig presedens. Dessutan er bruk av helikopter på ingen måte ein føresetnad for å driva med basehopping i Kjerag. Heliboogie-arrangementet har nærast fått ein «permanent» dispensasjon gjennom mange år, noko som ikkje er i tråd med intensjonen i nml § 48, der dispensasjon skal bli gitt ved enkeltvis vedtak i særlege tilfelle».

NiR påpeikar og at det fram til nå har vore totalt 16 dødsulukker i samband med basehopping på Kjerag. Ut frå eit samfunnsperspektiv meiner dei at det er det problematisk å gje helikopterløyve for ein aktivitet som aukar faren for kostbare og risikable redningsaksjonar i eit verneområde. Dei skriv og at «Sidan risikoen for nye alvorlege ulukker er så høg, må ein dessverre, og tragisk nok, rekna med situasjonar der redningsarbeid bidrar til ytterlegare helikoptertrafikk ved Kjerag».

Avslutningsvis skriv NiR at: «I ei tid med klimaendringar og tap av villmark og biologisk mangfald er det paradoksalt å tillata helikoptertransport i verna natur. Helikoptertransport av basehoppalar bryt etter vårt syn både med verneplanen og med det overordna prinsippet for allemannsretten. Me finn det derfor naturleg å klaga på dispensasjonsvedtaket».

Miljødirektoratet si klageavgjerd for Heliboogie 2020

I styresak 30/19 avsla verneområdestyret søknaden om å arrangere Heliboogie 2020. Grunngevinga for avslaget var at motorferdsla verka forstyrrande på fotturistane si naturoppleving. Vedtaket vart påklaga av SBK-BASE, Forsand kommune og Lysefjorden utvikling. I styresak 42/19 gjorde derfor verneområdestyret om sitt vedtak og gav dispensasjon til Heliboogie 2020. Denne dispensasjonen vart påklaga av Naturvernforbundet i Rogaland. I si førebunde klagesakshandsaming i styresak

15/20, stod verneområdestyret fast ved dispensasjonen og saka vart sendt til Miljødirektoratet for endeleg klagehandsaming.

I si klageavgjerd datert 07.09.2020 avviser Miljødirektoratet klagen frå Naturvernforbundet i Rogaland, og opprettheld verneområdestyret sitt vedtak om dispensasjon i styresak 42/19, men med ei endring i form av eit nytt vilkår. Her heiter det at dispensasjonen avgrensast til totalt 200 landingar.

I klageavgjerda legg Miljødirektoratet vekt på at forstyrringa frå helikoptertrafikken er tidsmessig avgrensa på ein slik måte at det ikkje kjem i strid med verneføreskrifta sitt føremål om ålmenta sitt høve til naturoppleving. Når arrangementet heller ikkje påverkar verneverdiane negativt, er det grunnlag for å gje dispensasjon etter §48 i naturmangfaldlova. Samstundes meiner Miljødirektoratet at det ikkje er ønskjeleg at arrangementet aukar ytterlegare i volum, og det derfor bør settast eit tak for talet på landingar.

Søkar sine merknader til klagen

SBK BASE fekk høve til å uttale seg til klagen, og sendte inn sine merknader i brev frå 11.02.2026. SBK BASE meiner at SVR sitt vedtak i styresak 48/25 var fatta innanfor rammene gitt av verneføreskrifta, §48 i naturmangfaldslova og Miljødirektoratet si klageavgjerd. Dei registrerer at NiR er ueinig i skjønnsutøvinga, men kan ikkje sjå at det er påvist rettslege manglar ved vedtaket.

SBK BASE refererer og til Besøksstrategi for SVR, og meiner at dispensasjonen er i tråd med retningslinjene i besøksstrategien.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forvaltningslova

Heimelsgrunnlag

Etter forvaltningslova §33, kan verneområdestyret oppheve eller endre eget vedtak dersom dei finn klagen begrunna. Om verneområdestyret opprettheld vedtaket, blir klagen sendt til Miljødirektoratet for avgjerd. Dersom verneområdestyret endrar vedtaket, vil det løpa ny klagefrist.

Forvaltningslova §§ 29 – 32 gir føringar for kva for krav som skal stilles til en klage knytt til klagefrist, form og innhald.

Vurdering

Vurdering av dei formelle sidene ved klagen

Verneområdestyret sitt vedtak vart gjort tilgjengeleg i Miljøvedtaksregisteret 20.11.2025. Klagen frå Naturvernforbundet er dagsett 08.12.2025 og er såleis sendt innafor klagefristen. Innhaldet i klagen innfrir dei formelle krava i forvaltningsloven §§ 28 – 33.

Vurdering av innhald i klagen

NiR sin klage inneheld fleire relevante moment som vil bli vurdert i det følgjande.

NiR sitt hovudpoeng er at verneområdestyret sitt vedtak er i strid med både verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde og §48 i naturmangfaldslova. Det argumenterast med at BASE-hopping manglar forankring i tradisjonelt friluftsliv og at den medfører støy og omfattande tilrettelegging ved Kjerag. Det peikast på at stadige dispensasjonar skapar uheldig presedens.

I Miljødirektoratet si klageavgjerd vart helikoptertransportane under Heliboogie nøye vurdert i høve til verneføreskrift og §48 i naturmangfaldslova. Her skriv dei mellom anna at: «I formålsbestemmelsen er det ikke muligheten til uforstyrret friluftsliv som alene er beskyttet, men muligheten til naturopplevelser gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. Forstyrrelse inngår som ett av flere aspekt i denne muligheten, men vi finner at en slik tidsmessig avgrenset forstyrrelse uten teknisk tilrettelegging ikke er i strid med den generelle muligheten til slike naturopplevelser i området. Arrangementet representerer heller ingen påvirkning av verneverdiene i landskapsvernområdet, og vi finner at vilkårene etter nml. § 48 er oppfylt».

Miljødirektoratet grunngr vidare dette med at: «Omsøkte helikopteraktivitet er som et generelt utgangspunkt ikke ønskelig i et vernområde. Dersom dette hadde vært en førsteårssøknad, ville et avslag vært nærliggende. Saken er imidlertid spesiell: Arrangementet har langvarig praksis, og har funnet sted siden før verneområdet ble etablert. Videre krever arrangementet og basehoppingen spesielle naturgitte forhold som gjør at steder slike arrangement kan finne sted er svært begrenset. Avgjørende for direktoratet er imidlertid at arrangementet har begrenset varighet på inntil 4 dager, og at aktiviteten gjennom et tidsvindu i forvaltningsplanen styres til et gitt tidspunkt hvert år. Dette både begrenser forstyrrelsen, samt gjør det mer forutberegnelig når slik aktivitet vil finne sted».

Verneområdestyret legg til grunn at Miljødirektoratets grundige vurdering frå 2020 framleis er gjeldande og legg rammene for styret si handsaming av søknaden. Det har heller ikkje vært nemneverdige endringar i arrangementet sidan 2020 som skulle tilsei ei anna vurdering av søknaden.

NiR har rett i at Heliboogie i praksis nærast har fått ein permanent dispensasjon, og at dette ikkje er i tråd med intensjonen i naturmangfaldslova sin §48. I slike situasjonar bør verneføreskrifta endrast slik at den regulerer den aktuelle aktiviteten. Som Miljødirektoratet skriv i si klageavgjerd betyr dette likevel ikkje at §48 ikkje kan brukast i slike tilfelle.

Verneområdestyret for SVR sitt ikkje med ein heilt nøyaktig statistikk over redningsaksjonar ved Kjerag som inneberer bruk av helikopter. På bakgrunn av årlege dialogmøte med Sør-Vest Politidistrikt ligg dette talet på 1-3 slike aksjonar kvart år. Når det gjeld redningsaksjonar knyt til BASE-hopping er dette ennå lågare, og ikkje alle er i samband med Heliboogie. At det årleg må gjennomførast redningsaksjonar ved Kjerag gjer og at redningstenesta har behov for å øve i område. 330-Skvadronen har derfor fått dispensasjon til inntil fire slike øvingsdagar i året. Til saman vil talet på redningsaksjonar og øvingar medføre om lag seks dagar med helikopterbruk. Det må leggst til at behovet for øvingsverksemd ville vore til stades sjølv utan Heliboogie, ettersom ulykker skjer både med andre BASE-hopparar og med fjellklatrarar.

Konklusjon

Etter verneområdestyret si vurdering inneheld ikkje klagen frå NiR moment som ikkje var kjent under verneområdestyrets handsaming av sak 48/25 eller til Miljødirektoratet si klageavgjerd frå 07.09.2020. Verneområdestyret opprettheld derfor sitt vedtak og sender saka til Miljødirektoratet for endeleg klageavgjerd.



Til Verneområdestyret for Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR)

Stavanger 8.12.25

Klage på dispensasjon til helikoptertransport til Kjerag i samband med Heliboogie 2026, Frafjordheiane landskapsvernområde

Me viser til Verneområdestyret for SVR sitt dispensasjonsvedtak for helikopterlandingar på Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde i samband med Heliboogie 2026 (sak 48/25). På vegner av naturinteressene i Rogaland klagar me på vedtaket, som er kunngjort 20.11.25, då me meiner at det er i strid med verneforskrifta for landskapsvernområdet. Me ser heller ikkje at det kan forsvarast ut frå § 48 i naturmangfaldlova (nml).

I verneforskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde står det i §3, punkt 5.1. at motorferdsel er forbode på land og i vatn, og vidare at «Flyging lågare enn 300 m over bakken, og landing og start med motordrivne luftfarty er forbode. Henting og bringing av passasjerar og gods, der luftfartyet ikkje er nær bakken, er og forbode.»

I forvaltningsplanen for verneområda er det slått fast at dispensasjon til bruk av helikoptertransport skal vurderast etter § 48 i nml. Tilrettelegging for helikopterbasert ekstremспорт bryt utan tvil med ideen om ålmenta si moglegheit til enkelt og uforstyrra friluftsliv. I tillegg er det viktig å påpeika at verneforskrifta heller ikkje er til for å skåna fotturistar. Den skal verna om landskapet og dyre- og plantelivet i Frafjordheiane. Me merkar oss at helikoptertransporten vil skje nokså nær registrerte hekkelokalitetar for rovfugl (tårnfalk).

Det burde vera innlysande at bruk av helikopter i samband med basehopping strir mot formålet med verneforskrifta, då denne aktiviteten manglar forankring i tradisjonelt friluftsliv og helikoptertransport må seiast å representera ei vesentleg teknisk tilrettelegging. Utøving av ekstremспорт har introdusert både støy og omfattande tilrettelegging på Kjeragplatået gjennom mange år. Stadige dispensasjonar som dette gir uheldig presedens.





Dessutan er bruk av helikopter på ingen måte ein føresetnad for å driva med basehopping i Kjerag. Heliboogie-arrangementet har nærast fått ein «permanent» dispensasjon gjennom mange år, noko som ikkje er i tråd med intensjonen i nml § 48, der dispensasjon skal bli gitt ved enkeltvis vedtak i særlege tilfelle.

Naturmangfaldlova opnar rett nok opp for å gje dispensasjon på grunnlag av «sikkerhetshensyn» eller «hensynet til vesentlige samfunnsinteresser». Heliboogien er ikkje av vesentleg interesse for samfunnet. I Kjerag har det fram til nå vore totalt 16 dødsulukker i samband med basehopping. Ut frå eit samfunnsperspektiv er det problematisk å gje helikopter-løyve for ein aktivitet som aukar faren for kostbare og risikable redningsaksjonar i eit verneområde. Sidan risikoen for nye alvorlege ulukker er så høg, må ein dessverre, og tragisk nok, rekna med situasjonar der redningsarbeid bidrar til ytterlegare helikoptertrafikk ved Kjerag.

I ei tid med klimaendringar og tap av villmark og biologisk mangfald er det paradoksalt å tillata helikoptertransport i verna natur. Helikoptertransport av basehopperar bryt etter vårt syn både med verneplanen og med det overordna prinsippet for allemannsretten.

Me finn det derfor naturleg å klaga på dispensasjonsvedtaket.

Med vennleg helsing

Gaute Henriksen
dagleg leiar
Naturvernforbundet i Rogaland

Erik Hammer
Styreleiar
Naturvernforbundet i Rogaland



Naturvernforbundet i Rogaland
Postboks 441, Sentrum
4002 STAVANGER

Trondheim, 07.09.2020

Deres ref.:
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2020/4401

Saksbehandler:
Helene Mokkelbost

Avgjørelse i klagesak – klage på tillatelse til helikoptertransport for arrangementet Heliboogie 2020 – Frafjordheiane landskapsvernområde

Vi viser til klage av 31.12.2019 på verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheianes (verneområdestyret for SVR) vedtak i møte 13.12.2019. Klagesaken ble oversendt til direktoratet 23.3.2020.

Sakens bakgrunn

Basehopp-arrangementet Heliboogie har blitt avholdt siden 1998 i Kjerag, og fra 2004 innenfor grensene til Frafjordheiane landskapsvernområde.

Arrangøren SBK-Base As søkte 20.8.2019 om dispensasjon fra verneforskriften for avholdelse av arrangementet 17.-20.6.2020. Verneområdestyret for SVR avslo søknaden i vedtak 26.9.2019 da helikoptertrafikken ble vurdert å medføre en slik forstyrrelse av fotturister at aktiviteten var i strid med verneformålet og dermed ikke lenger kunne tillates. Vedtaket ble påklaget av søker SBK-Base As, Forsand kommune og Lysefjorden utvikling. Verneområdestyret omgjorde sitt vedtak på bakgrunn av disse i vedtak i møte 13.12.2019, slik at det ble gitt tillatelse til å benytte helikopter til persontransport i forbindelse med arrangementet "Heliboogie". Av vedtaket fremgår:

"Dispensasjonen gjeld for tidsrommet 18.-21. juni 2020.

Transportane skal gå føre seg mellom dei tre landingspunkta Lysebotn, Kjerag og Geitaneset, og følgje flygeruter som er teikna inn på kartet som følgjer saksutgreiinga.

Verneområdestyret vil presisere at det ikkje må takast med gjenstandar som kan medføre forsøpling utfor stupkanten. Verneområdestyret vil og understreke at oppsetting av mellombelse installasjonar og bruk av boreboltar er søknadspliktig etter verneføreskrifta.

Dispensasjonen blir gitt med desse vilkåra:

- *Eventuelt søppel må fjernast frå områda både over og under stupet så snart arrangementet er ferdig.*
- *Dispensasjonen gjeld berre for arrangørstab og betalande deltakarar på Heliboogie.*
- *Det må innhentast nødvendig dispensasjon frå Forsand kommune og samtykke frå grunneigar.*
- *Det må leverast inn rapportskjema over kor mange transportar som er gjennomførde til forvaltningssekreteriatet innan 1.august 2020."*

Denne tillatelsen ble igjen påklaget av dere den 31.12.2019. Styret oppretthold sin tillatelse i møte den 18.3.2020, og saken ble deretter oversendt Miljødirektoratet for klagebehandling. Arrangementet ble avholdt i juni 2020.

Klagers anførsler

I klagen anføres at tillatelsen til arrangementet er gitt i strid med verneforskriften, at den heller ikke kan hjemles i naturmangfoldloven § 48, og at vedtaket dermed er ugyldig. Bruk av helikopter i forbindelse med basehopping er etter deres vurdering i strid med *"verneforskriftens formål, da denne aktiviteten mangler forankring i tradisjonelt friluftsliv og helikoptertransport må sies å representere en vesentlig teknisk tilrettelegging"*. Det vises til at det i forbindelse med arrangementet i 2017 ble montert ulike installasjoner på kanten av stupet, bl.a. festet med borebolter. Det har også vært tilfeller hvor basehopperne har hoppet med løse gjenstander som sykler, lenestoler, akebrett osv. og at dette har medført forsøpling ved foten av fjellet.

Det anføres videre at verneforskriftens formål ikke er å tilrettelegge for masseturisme eller lokalt næringsliv. I dispensasjonen til helikoptertransport under Heliboogien 2020, mener dere verneområdestyret vektlegger hensynet til turisme og lokalt næringsliv tyngre enn formålet med verneforskriften. Arrangementet har videre nærmest fått en "permanent" dispensasjon gjennom mange år, hvilket ikke er i tråd med intensjonen i nml § 48, der dispensasjon skal gis ved enkeltvis vedtak i særlige tilfelle. I klagen vises også til at Miljødirektoratet i sin oversendelse til Klima- og miljødepartementet 2.5.2019 har foreslått endring av verneform for Frafjordheiane, fra landskapsvernområde til nasjonalpark, som ble begrunnet bl.a. med at dette vil gi bedre beskyttelse.

Verneområdestyrets merknader

Verneområdestyret viser til at det å tillate aktuell transport i en tidsbegrenset periode en gang pr. år ikke vil ha nevneverdig negativ innvirkning på verneverdiene eller være i strid med verneformålet knyttet til allmennhetens mulighet for naturopplevelser gjennom utøvelse av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. Det er ingen teknisk tilrettelegging i forbindelse med transporten og styret vurderer at den heller ikke hindrer naturopplevelser. Det vises videre til at det er gitt tillatelse for denne transporten i flere år uten at det har medført ulemper for friluftsliv eller verneinteresser tidligere.

Lovgrunnlaget

De omsøkte helikoptertransportene vil skje mellom landingspunktene Lysebotn, Kjerag og Geitaneset, hvorav de to siste ligger inne i Frafjordheiane landskapsvernområde. Verneområdet ble opprettet ved Kronprinsregentens resolusjon 19.12.2003. Formålet med vernet er å ta vare på et representativt, særpreget og vakkert landskap, jf § 2, men også at: *"Allmenta skal ha høve til naturoppleveling gjennom utøvelse av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging"*. Med liten grad av teknisk tilrettelegging menes ikke motorisert transport, men merking av stier, klopplegging, bygging av enkle bruer o.l. Flyvning lavere enn 300 meter over bakken, samt all landing og start med motorisert luftfartøy er forbudt, jf § 3 pkt. 5.1, og rammer dermed aktuelle søknad. Hverken unntaket fra dette forbudet inntatt i § 3 pkt. 5.2, eller den spesifiserte søknadshjemmelen i § 3 pkt. 5.3 kan anvendes, slik at søknaden må behandles etter den generelle dispensasjonshjemmelen i naturmangfoldloven § 48, som erstatter verneforskriften § 4. Etter bestemmelsen kan forvaltningsmyndigheten gi tillatelse dersom tiltaket ikke er i strid med verneformålet eller vil påvirke verneverdiene nevneverdig. At et tiltak ikke må påvirke verneverdiene nevneverdig viser at adgangen til å gi dispensasjon er snever, og bestemmelsen er ment å være en sikkerhetsventil. I tillegg til nevnte bestemmelser skal prinsippene i nml §§ 8 til 12 legges til grunn som retningslinjer ved behandling av søknaden, jf nml § 7.

I 2015 ble det utarbeidet en forvaltningsplan for Setesdal-Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, og Frafjordheiane landskapsvernområde er nærmere omtalt i denne i pkt 3.6. Bruk av helikopter til Kjerag i forbindelse med reiseliv, markedsføring og basehopping er særskilt omtalt, herunder arrangementet Kjerag-Boogie som er det samme som årets Heliboogie. Når det gjelder dette sies: "

Når det gjeld Kjerag Boogie har dette arrangementet vore gjennomført i 15 år, og har vist seg vanskeleg å gjennomføre utan bruk av helikopter". Det fremgår vidare at dersom vilkårene for å gi dispensasjon etter nml § 48 er til stede, skal følgende vilkår legges til grunn:

- *aktiviteten må skje i et tidsvindu som skal håndheves strengt og avgrenses til fire sammenhengende dager i andre halvdel av juni og fire dager i september. Tidsvinduet skal defineres med datoer i hver enkelt dispensasjon uten mulighet til å forlenge på grunn av dårlig vær eller lignende*
- *I vurderingen av søknaden skal det være avgjørende om helikopterflyvning er absolutt nødvendig for å gjennomføre tiltaket*
- *Tidsvinduet i september er reservert for ulike reportasjeverksemd*
- *Flyging og landing skal skje kortaste veg frå fjorden og inn til stupkanten ved Kjeragplatået, eventuelt Geitaneset, med retur same veg.*

Miljødirektoratets vurdering

Dere er klageberettiget, jf. forvaltningsloven (fvl) § 28, og har klaget rettidig, jf. fvl § 29. Klagen gjelder gitt tillatelse til arrangementet Heliboogie for 2020, som allerede er avholdt. Dette er et årlig arrangement og en avgjørelse i klagesaken vil derfor ha betydning for fremtidige arrangement.

Eksisterende kunnskap om naturverdiene i landskapsvernområdet er god, jf nml § 8 jf § 9, og finnes i Naturbase og forvaltningsplanen som ble ferdigstilt i 2015. Det er landskapet i området som er vernet, herunder "bratte fjord- og dalsider via lågheier opp til glattskurt høgfjell", jf forskriften § 2, som nettopp er verdier som gjør området attraktivt for et arrangement som "Heliboogie". Forvaltningsmyndigheten har i tillegg god kunnskap om de særskilte verdiene på steder arrangementet skal benytte, og det vises til forvalters og verneområdestyrets redegjørelse i vedtaket. Videre er det gjort vurderinger og angitt noen rammer for aktuelle arrangement i forvaltningsplanen.

Når det gjelder kunnskap om arrangementet som volum, antall landinger, gjennomføring, og eventuelle effekter på verneverdier, vurderes også denne å være god. "Heliboogie" har siden starten i 1998 utviklet seg og er i dag ett av de største basehopp-arrangementet av sitt slag i verden. Det opplyses at i tillegg til basehoppere som er de hovedsakelige deltagerne, tiltrekker arrangementet seg aktiviteter som paragliding, speedriding, longboarding, klatring, samt at det på kveldstid er konserter. Statens naturoppsyn hadde oppsyn med arrangementet i 2019, uten merknader, og har også vært til stede i år. Arrangøren ble i år anmeldt for brudd på vilkårene for tillatelsen mht. hvilke personer som skal ha blitt fraktet i helikopter. Saken er ikke avgjort og vil ikke ha noen innvirkning på vurderingen i denne saken, idet den omhandler hvorvidt en tillatelse for 2020 skal gis. Konstaterte brudd på vilkår i en gitt tillatelse vil imidlertid kunne få betydning i vurderingen av hvorvidt en tilsvarende, ny tillatelse skal gis. Arrangementet ble i år avholdt med redusert deltagelse pga. covid 19, og det ble gjennomført 44 landinger. I tillatelsene til arrangementet har det med to unntak ikke vært satt et tak for antall landinger. I 2018 ble det satt et tak på 300 transporter, for 2019 ble dette taket 250. Gjennomførte landinger for 2019 var 168 pga. dårlig vær og mindre hoppere. Samtidig har annen turisme i området, herunder fotturismen også utviklet seg i volum. I 2011 besøkte om lag 25.-30.000 fotturister Kjerag, og ved ferdselstillinger i 2016 og 2017 samt brukerundersøkelser fra NINA (2017) var dette tallet økt til ca 55.-60.000 besøkende pr. år. Dette er langt høyere enn da både forvaltningspraksisen om å gi tillatelse til arrangementet ble etablert, samt også da forvaltningsplanen ble laget. En annen dokumentert endring er at tiden rundt 20.juni har blitt høysesong for fotturismen, mens dette tidspunktet tidligere var i starten av sesongen.

Frafjordheiane er et landskapsvernområde. I forbindelse med prosessen rundt et supplerende vern har Fylkesmannen i Rogaland foreslått omgjøring til nasjonalpark. Det er så langt ikke tatt nærmere stilling til forslaget.

Spørsmålet klagesaken reiser er hvorvidt omsøkte helikopteraktivitet kan finne sted i landskapsvernområdet med hjemmel i nml § 48. Den konkrete vurderingen blir hvorvidt dette er i

strid med vernevedtakets formål eller kan påvirke verneverdiene nevneverdig. For å kunne gi dispensasjon kreves at begge vilkår er oppfylt. Selv om vilkårene er oppfylt, har søker imidlertid ikke krav på tillatelse. Forvaltningsmyndigheten avgjør i slike tilfeller om dispensasjonen skal gis ut fra en avveining av rettslig relevante hensyn. Inn i denne skjønnsvurderingen kommer i tillegg de rammene som er satt i forvaltningsplanen formulert som vilkår, herunder at helikopterflyvning skal være absolutt nødvendig for å gjennomføre arrangementet. Innledningsvis finner vi grunn til å kommentere at vi er enige med dere i at årlige dispensasjoner over så vidt mange år ikke er i tråd med intensjonen bak nml § 48. Årlig, gjentakende aktivitet som faller inn under noen av forbudsbestemmelsene i forskriften bør derfor reguleres særskilt. Når det er sagt medfører ikke at nml § 48 ikke kan benyttes, eller at en tillatelse til årlige arrangement vil være ugyldig.

Allmenhetens mulighet til naturopplevelser gjennom utøvelse av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging er en del av verneformålet, og den konkrete vurderingen blir om aktuelle helikopteraktivitet over inntil 4 dager i 2020 er i strid med dette. Etter forvaltningsplanen tillates slik aktivitet i to tidslommer i året; én i juni og én i september som skal forbeholdes reportasjevirksomhet. Som det fremgår av forvalters innstilling til styret i vedtak datert 18.12.2019, foreligger både nasjonal og internasjonal forskning som viser at menneskers forventning og motiv for å oppsøke naturen og særlig verneområder, i stor grad er for å oppleve naturen, dyreliv, samt fred og ro og fraværet av mekanisk støy. Det er samtidig dokumentert at det å se og høre fly og helikopter i slike områder generelt sett har en negativ effekt på opplevelsen. I saken fremkommer at klager på aktiviteten fra fotturister har vært fraværende, og at mange tvert imot har vært positive og sett på basehoppingen som en spennende opplevelse. Fraværet av klager sier imidlertid lite om den enkeltes reelle opplevelse av det å være fotturist i området, slik at man her må legge eksisterende forskning til grunn. Selv om det legges til grunn at aktiviteten er forstyrrende, er denne begrenset til inntil 4 dager. I formålsbestemmelsen er det ikke muligheten til uforstyrret friluftsliv som alene er beskyttet, men muligheten til naturopplevelser gjennom tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. Forstyrrelse inngår som ett av flere aspekter i denne muligheten, men vi finner at en slik tidsmessig avgrenset forstyrrelse uten teknisk tilrettelegging ikke er i strid med den generelle muligheten til slike naturopplevelser i området. Arrangementet representerer heller ingen påvirkning av verneverdiene i i landskapsvernområdet, og vi finner at vilkårene etter nml. § 48 er oppfylt.

Selv om vilkårene for å kunne gi tillatelse vurderes å være til stede, må det foretas en konkret vurdering av om tillatelse skal gis, herunder skal rammene som er satt i forvaltningsplanen vektlegges. Her fremgår at flyvningen skal være absolutt nødvendig for å gjennomføre tiltaket. Direktoratet er enig i at enkeltvis basehopping i seg selv ikke krever helikoptertransport i dette området, da plataet kan nås gjennom en fottur på 2-3 timer. Som arrangement ser vi imidlertid at dette vil være nødvendig, noe det også konkluderes med i forvaltningsplanen. Vi vurderer derfor at de vilkår som er satt i forvaltningsplanen er til stede.

Omsøkte helikopteraktivitet er som et generelt utgangspunkt ikke ønskelig i et vernområde. Dersom dette hadde vært en førsteårssøknad, ville et avslag vært nærliggende. Saken er imidlertid spesiell: Arrangementet har langvarig praksis, og har funnet sted siden før verneområdet ble etablert. Videre krever arrangementet og basehoppingen spesielle naturgitte forhold som gjør at steder slike arrangement kan finne sted er svært begrenset. Avgjørende for direktoratet er imidlertid at arrangementet har begrenset varighet på inntil 4 dager, og at aktiviteten gjennom et tidsvindu i forvaltningsplanen styres til et gitt tidspunkt hvert år. Dette både begrenser forstyrrelsen, samt gjør det mer forutberegnelig når slik aktivitet vil finne sted. Dette kan igjen inngå i den generelle informasjonen til fotturister som evt. kan velge et annet tidspunkt for sin tur til området, om ønskelig. Videre kan arrangementet styres gjennom mer detaljerte vilkår dersom dette anses nødvendig. Vi er enig i at utviklingen i arrangementets størrelse kombinert med en økning i antall fotturister kan medføre en konflikt mellom brukerinteresser. Det er ikke ønskelig at arrangementet øker ytterligere i volum, og det bør derfor settes et tak for antall landinger. Vi finner at denne for 2020 bør begrenses til 200 landinger. For fremtiden kan det også vurderes å redusere antall aktive dager med helikoptertransport i løpet av en 4-dagers tidsramme. Videre bør

forvaltningsmyndigheten vurdere hvorvidt tidsvinduet for aktuelle arrangement bør flyttes, idet dette nå sammenfaller med høysesongen for fotturisme.

Vedtak

Miljødirektoratet opprettholder verneområdestyrets vedtak fattet i møte 13.12.2019 med følgende endring i form av nytt vilkår for dispensasjonen:

Dispensasjonen begrenses til totalt 200 landinger.

Denne avgjørelsen er fattet med hjemmel i forvaltningsloven § 34 fjerde ledd, verneforskriften for Frafjordheiane landskapsvernområde og naturmangfoldloven § 48.

Direktoratets vedtak er endelig og kan ikke påklages, jf. forvaltningsloven § 28 tredje ledd.

Hilsen

Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Knut Fossum
seksjonsleder

Helene Mokkelbost
seniorrådgiver

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi til:

SBK Base AS
Sandnes kommune
Fylkesmannen i Rogaland
Verneområdestyret for Setesdal vesthei, Ryfylkeheiane,
Frafjordheiane

Gaileiveien 6	4056	TANANGER
Postboks 583	4302	SANDNES
Postboks 59	4001	Stavanger
Postboks 24	4748	RYSSTAD

Fra: "sbk base" <sbkbase@gmail.com>/span>
Sendt: onsdag 11. februar 2026 13:50:26
Til: "Odden, Alf" <alf.odden@statsforvalteren.no>
Emne: Re: Klage på dispensasjonen til Heliboogie 2026 og vidare saksgeng
Vedlegg: SBK_BASE_Merknader_til_klage_styresak_48_26_Helibooogie_2026.pdf

Til Forvaltningssekretariatet for Verneområdestyret for SVR,

Takk for orientering om mottatt klage i styresak 48/26 vedrørende dispensasjon for helikoptertransport i forbindelse med arrangementet Heliboogie 2026.

SBK BASE ønsker å benytte anledningen til å oversende våre merknader til klagen innen fastsatt frist.

Våre merknader følger vedlagt som eget dokument.

Vi stiller oss selvsagt tilgjengelige dersom det er behov for ytterligere presiseringer eller oppklaringer i saken.

Med vennlig hilsen
Björn Cederberg
SBK BASE Daglig
leder

On Tue, Dec 9, 2025 at 4:32 PM Odden, Alf <alf.odden@statsforvalteren.no> wrote:

Til SBK-BASE

Forvaltningssekretariatet for Verneområdestyret for SVR har mottatt ein klage frå Naturvernforbundet i Rogaland på vedtaket i styresak 48/26, kort det vart gitt dispensasjon til helikoptertransport for arrangementet Heliboogie 2026.

Saksgangen vidare er at verneområdestyret føreteik ei førebuande klagehandsaming på neste styremøte som blir 03.03.2026.

Etter forvaltningslova § 33, kan verneområdestyret oppheve eller endre eige vedtak dersom de finn klagen berettiga. Dersom verneområdestyret endrer vedtaket, vil det løpe ny klagefrist.

Om verneområdestyret opprettheld vedtaket, blir klaga sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Som søkar har dykk høve til å kommentere klagen om dykk skulle ønskje det. Eventuelle merknadar må sendast verneområdestyret innan 15.02.2026.

Om dykk har spørsmål så er det berre å ta kontakt med underteikna.

Med venleg helsing
Alf Odden
verneområdeforvaltar



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Telefon: 48044583

E-post: alf.odden@statsforvalteren.no

Nettside: www.svr.no

Besøksadresse: Sandsvegen 122, 4230 Sand

Merknader til klage – Heliboogie 2026

Til: Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Sak: Merknader til klage frå Naturvernforbundet i Rogaland – styresak 48/26

Vi viser til mottatt orientering om klage frå Naturvernforbundet i Rogaland på vedtak i styresak 48/26, der det vart gitt dispensasjon til helikoptertransport i samband med arrangementet Heliboogie 2026.

Som tiltakshavar ønskjer vi med dette å kome med nokre korte og presiserande merknader til klagen, til bruk i verneområdestyret si førebuande klagehandsaming.

1. Om prosessen og klageretten

Vi tek klagen til etterretning og har forståing for at Naturvernforbundet nyttar klageretten etter forvaltningslova. Vi har respekt for verneformålet, forvaltningsprosessen og rolla til klagar, og forhold oss lojalt til dei rammene og vilkåra som verneområdestyret set.

2. Rammer og avgrensing av tiltaket i 2026

Som det går fram av vedtaket i styresak 48/26, er dispensasjonen stramt avgrensa til maksimalt 200 helikopterlandingar over fire samanhengande dagar (16.–19. juni 2026). Denne avgrensinga er vidareført direkte frå Miljødirektoratet si klageavgjerd for Heliboogie 2020, nettopp for å avgrense omfanget av arrangementet og redusere potensielle konflikhtar mellom brukargrupper.

Det vart i søknaden bedt om høve til inntil 300 landingar, men dette vart avslått. At forvaltninga aktivt har halde fast ved ramma på 200 landingar, viser at det ikkje ligg føre nokon automatikk eller presedens for utvida dispensasjonar.

Sjølv om Heliboogie har vore gjennomført jamleg sidan slutten av 1990-talet, ligg det ikkje føre nokon forventning om automatisk eller permanent dispensasjon. SBK har søkt om dispensasjon for kvart enkelt arrangement, og søknadene har vore handsama individuelt i tråd med gjeldande regelverk, forvaltningsplan og besøksstrategi.

3. Forholdet til verneformålet

Verneområdestyret har i saksframlegget gjort ei konkret og dokumentert vurdering etter naturmangfaldlova § 48, basert på kunnskapsgrunnlaget i saka, føre-var-prinsippet og vurdering av samla belastning, slik lovverket krev.

Det er lagt til grunn at tiltaket er konsentrert i både tid og rom, at det skjer utanfor helg og høgsesong for friluftsliv, og at forstyrringa av naturmangfald og andre brukarar er avgrensa og mellombels. Etter vår vurdering er dette ei forsvarleg skjønnsutøving innanfor rammene av gjeldande regelverk.

4. Forankring i besøksstrategien for SVR

I besøksstrategien for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (2019–2025) har verneområdestyret gjort ei eksplisitt avklaring av korleis ekstremsportaktivitetar og bruk av helikopter skal handterast ved Kjerag.

Det går direkte fram av besøksstrategien at *verneområdestyret er positive til ekstremsportaktivitetar på Kjerag*, samstundes som det er ein føresetnad at slike aktivitetar kan gjennomførast *med eit minimum av motorisert transport og utan bruk av boreboltar*. Vidare heiter det at verneområdestyret, i samband med besøksstrategien, har utarbeidd *føringar for mellombels installasjonar, samt bruk av helikopter og droner ved Kjerag*, og at desse føringane *skal vere retningsgjevande for verneområdestyret sin dispensasjonspraksis ved Kjerag*.

Besøksstrategien slår vidare fast at:

- det berre kan givast dispensasjon til helikoptertransport innanfor definerte tidsvindaug i juni (fire dagar) og september (fem dagar), og
- at det samla talet på helikoptertransportar må avgrensast slik at forstyrringa av besøkande og fotturistar blir så liten som mogleg.

Heliboogie 2026 er planlagt og godkjent i samsvar med desse føringane: arrangementet er avgrensa til fire kvardagar i juni, talet på helikopterlandingar er stramt avgrensa til 200, og det er sett klare vilkår knytt til ruter, tidsrom og gjennomføring. Dispensasjonen er såleis direkte forankra i dei retningslinjene verneområdestyret sjølv har fastsett i besøksstrategien, og representerer ein kontrollert og føreseieleg praksis – ikkje eit avvik frå verneformålet eller forvaltningsintensjonen.

5. Lokale forhold

Arrangementet har over tid hatt ei avgrensa, men positiv betydning for lokal aktivitet og næringsliv i Lysebotn. Dette er ikkje hovudgrunnlaget for dispensasjonen, men eit relevant moment i den samla skjønnsvurderinga.

6. Avslutning

Vi meiner at vedtaket i styresak 48/26 er gjort på eit forsvarleg og godt opplyst grunnlag, og at dei omsyna som er peika på i klagen er tilstrekkeleg ivaretekne gjennom dei strenge rammene og vilkåra som allereie ligg til grunn for dispensasjonen.

Klagen framstår etter vårt syn i hovudsak som ei usemje i skjønnsutøvinga, ikkje som påvising av rettslege eller saksbehandlingsmessige manglar ved vedtaket.

Vi stiller oss til disposisjon dersom verneområdestyret ønskjer ytterlegare presiseringar i samband med den vidare handsaminga av saka.

Med helsing

Björn Cederberg
SBK base AS / Daglig leder



Arkivsaksnummer: 2026/593

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 18.02.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	9/26	03.03.2026

Førebuaende klagehandsaming - Delegert vedtak 8/26 - Innvilga søknad om dispensasjon til snøskutertransport i Kvanndalen landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde, gnr/bne, 68/1, Suldal kommune

Vedlegg:

- 1 Klage - Erik Jordebrenk

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret viser til klage frå Erik Jordebrenk på delegert vedtak 8/26. Her fekk Reidar Johan Sandal dispensasjon til 3 snøskutertransportar til kvar av dei 4 hyttene på eigedom 68/1 i Suldal kommune. Desse hyttene ligg i eller har tilkomst gjennom Holmavassåno biotopvernområde og Kvanndalen landskapsvernområde.

Med heimel i forvaltningslova §33 gjer verneområdestyret om delegert vedtak 8/26, og reduserer talet på snøskutertransportar.

Nytt vedtak har denne ordlyden:

I medhald av kapittel IV, punkt 3.1 i forskrift om vern av Kvanndalen landskapsvernområde, og kapittel VI, punkt 4 i forskrift om vern av Holmavassåno biotopvernområde, får Reidar Johan Sandal dispensasjon til å bruke snøskuter til transport av utstyr, proviant, ved og materialar til jakt- og sankebuer ved Pytten, Naustdalen, Isvatnet og Djupetjørn.


Dispensasjonen gjeld for inntil 3 snøskutertransportar etter køyrerute som går forbi dei 4 hyttene. Løyve gjeld for tidsrommet 2026-2029. Snøskutertransportane må være gjennomført innan 30.04. kvart år. Transportane skal ha startpunkt i Havrevassjuvet og skal følgje vanleg køyreruter slik det er vist på kart i vedtaket.

Løyvet gjeld og for Kristian Steine.

Løyve blir gitt med desse vilkåra:

- Om det blir observert villrein innanfor ein avstand på 400 m frå køyreruta skal transporten utsettast til faren for forstyrring er over
- Dispensasjonen skal alltid være med under transporten og loggark skal være utfylt

Kart over køyrerute i verneområda



Verneområdestyret har ikkje heimel til å gje løyve til følgjeskuter, men fleire skuterar kan køyre saman dersom alle bidreg i transporten og alle transportane blir rapportert.

For bruk av snøskuter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Om du skal køyre over andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

Vedtaket blir grunngjeve med at nye opplysningar i saka, viser at talet på snøskutertransportar gitt i delegert vedtak 8/26 vil medføre ei auke av motorferdsla i område. Fram til nå har transportane til Pytten og Naustdalen blitt gjennomført med båt om sommaren, og transportbehovet til Isvatnet har blitt dekkja med ein tur. Transportane til Djupetjørn har og blitt gjennomført utan motorferdsel i verneområdet. Områda rundt Holmavatnet er svært viktige vinterbeiteområde for villreinen, og av omsyn til verneverdiane bør motorferdsla haldast på eit så lågt nivå som mogleg.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for saken

I delegert vedtak 8/26, vart det gitt dispensasjon til 3 snøskutertransportar til kvar av dei 4 jakt- og sankebuene ved Pytten, Naustdalen, Isvatnet og Djupetjørna. Alle desse ligg i og/eller har tilkomst

gjennom Holmavassåno biotopvernområde og Kvanndalen landskapsvernområde. Talet på transportar til kvar hytte var relativt lågt samanlikna med mange andre motorferdselsløyper som blir gitt.

Søkaren, Reidar Johan Sandal, har frå 2025 fått ansvaret for å forvalte den utmarksrelaterte drifta av den 115 km² store fjelleigedomen til Odd Kjos-Hanssen sitt dødsbu. Dette omfattar mellom anna utleige av jakt, fiske og sauebeite, samt drift og vedlikehald av hyttene på eigedommen. I telefonsamtale, 28.01.2026, vart desse opplysningane stadfesta av Erik Kjos Hanssen som er representant for Odd Kjos Hanssen sitt dødsbu.

Innhald i klagen

Erik Jordebrekk klagar på delegert vedtak 8/26. Jordebrekk som i lang tid har utført leigekøyringsoppdrag og ført tilsyn med dei aktuelle hyttene for Odd Kjos Hanssen, meiner at det er gitt løyve til for mange turar i høve til det som er nødvendig for å føre tilsyn med desse. Jordebrekk har og i telefonsamtale, 27.01.2026, opplyst at transportbehovet til hyttene er lågare enn det har blitt løyve til. Fram til nå har transportane av ved, gass og proviant til hyttene Pytten og Naustdalen blitt gjennomført med båt om sommaren. Transportbehovet til Isvatnet har blitt dekkja med ein tur med snøskuter. Tilsyn med hyttene Pytten og Naustdalen har blitt gjennomført i samband med leigekøyringsoppdrag for Stavanger turistforening. Desse opplysningane vart stadfesta av Erik Kjos Hanssen i nemnte telefonsamtale.

Kommentarar frå søker

Søkar vart informert om klagen i e-post frå 09.02.2026. Søkar har i telefonsamtale 11.02.2026 opplyst at transportane til hyttene Pytten, Naustdalen og Isvatnet normalt vil skje på same turen, og at transportbehovet til hyttene sannsynlegvis kan dekkast gjennom 3 slike turar.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forvaltningslova

Heimelsgrunnlag

Etter forvaltningslova §33, kan verneområdestyret oppheve eller endre eige vedtak dersom dei finn klagen begrunna. Om verneområdestyret opprettheld vedtaket, blir klagen sendt til Miljødirektoratet for avgjerd. Dersom verneområdestyret endrar vedtaket, vil det løpa ny klagefrist. Forvaltningslova §§ 29 – 32 gir føringar for kva for krav som skal stilles til en klage knytt til klagefrist, form og innhald.

Vurdering

Vurdering av dei formelle sidene ved klagen

Delegert vedtak 8/26 vart fatta 22.01.2026, og vart gjort tilgjengeleg i Miljøvedtaksregisteret same dag. Klagen frå Erik Jordebrekk er dagsett 04.02.2026, og er såleis sendt innfor klagefristen. Innhaldet i klagen innfrir dei formelle krava i forvaltningslova §§ 28 – 33.

Jordebrekk er grunneigar på delar av køyreruta som ligg utanfor verneområde og har såleis rettsleg klageinteresse.

Vurdering av innhald i klagen

Klagen inneheld relevante moment som vil bli vurdert i det følgjande.

På bakgrunn av opplysningar frå Erik Jordebrekk og Erik Kjos Hanssen kjem det fram at transportbehovet til hyttene Pytten, Naustdalen og Isvatnet tidlegare har blitt løyst med langt færre snøskutertransportar enn det har blitt gitt løyve til i delegert vedtak 8/26. Dette skyldast særleg at transportane til hyttene Pytten og Naustdalen har blitt gjennomført med båt, og at transportane til hytta på Djupetjørn har blitt løyst utan bruk av snøskuter i verneområde. I tillegg har tilsynet med hyttene blitt utført samtidig med andre transportoppdrag i område.

Andre vurderingar

Verneområdestyret legg til grunn at det for ein så stor utmarkseigedom, vil være behov motorferdsel i samband med frakt av ved, gass og proviant til hytter på eigdommen. For store eigdommar er det ikkje forvaltningspraksis å krevje at snøskutertransportar skal gjennomførast av leigekøyrar.

Det leggst og til grunn at Sandal som grunneigars representant kan søke om motorferdselsløyve.

Vanleg praksis er at verneområdestyret ikkje behovsprøvar søknadar om motorferdsel frå grunneigarar, men gir eit standardløyve på 8 transportar til ei hytte. Når fleire hytter ligg etter same køyrerute, er det likevel praksis å sjå transportane i samanheng og redusere talet på transportar til kvar hytte.

Når det i denne saka har komme fram nøyaktige og erfaringsbaserte opplysningar om det faktiske transportbehovet, er det naturleg at verneområdestyret tek utgangspunkt i desse.

Gjennom fleire utgreiingar i samband med Lyse Kraft sin søknad om ytterlegare regulering av Holmavatnet, har det blitt dokumentert at områda rundt Holmavatnet er eit særleg viktig vinterbeiteområde for villreinstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde. I dette område er det derfor viktig å halde motorferdsla på eit så lågt nivå som mogleg.

Konklusjon

På bakgrunn av opplysningar i klagen kan transportbehovet til dei 4 hyttene løysast med færre snøskutertransportar enn det ble gitt dispensasjons til i delegert vedtak 8/26. Verneområdestyret gjer derfor om delegert vedtak 8/26, og reduserer talet på snøskutertransportar det blir gitt dispensasjon til.

Fra: "erik jordebrekk" <erik_jordebrekk@hotmail.com>/span>
Sendt: onsdag 4. februar 2026 19:50:55
Til: "Odden, Alf" <alf.odden@statsforvalteren.no>
Emne: Klage på vedtaket for scooter løyve på 68-1 i Suldal

Klager herved på løyvet som er gitt til Reidar Johan Sandal angående tilsyn av hyttene på 68-1 i Suldal Kommune

Meiner det er gitt for mange turer i henhold til bruken i som er nødvendig for tilsyn av hyttene i verneområde

Har sjølv sett etter hyttene for odd kjos hanssen i mange år når me har kjørt for Turistforeningen ,

Erik jordebrekk
Grunneigar av 68-3 i Suldal

Sendt fra [Outlook for Android](#)



Arkivsaksnummer: 2025/10962

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 23.02.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	10/26	03.03.2026

Prioritering av tiltaksmidler for 2026

Forvaltar si innstilling

På bakgrunn av den tildelte ramma på kr 820.000,- fordeler verneområdestyret midlane til tiltak i verneområda for 2026, på denne måten:

Nr	Tiltak	Stad	Sum
<u>Pågåande skjøtselstiltak</u>			
1.	Skjøtsel slåttemark, Hisdal	Hisdal NR/Bykle	65.000
2.	Skjøtsel slåttemyr, Stovo	Dyraheio/Suldal	40.000
3.	Skjøtsel slåttemark, Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	50.000
4.	Skjøtsel slåttemyr, Øyastølsmyra	Øyastøl/Hjelmeland	35.000
5.	Fjerning av parkslirekne	Nordraheia/Hjelmeland	20.000
6.	Skjøtsel slåttemyr, Flottstøylmyra	Hovden/Bykle	35.000
7.	Brenning og rydding, Fidjastølen	Frafjordheiane/Gjesdal	60.000
Sum pågåande skjøtselstiltak			305.000
<u>Nye skjøtselstiltak</u>			
8.	Evaluering av skjøtsel, Stovo	Dyraheio/Suldal	40.000
9.	Evaluering skjøtsel, Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	40.000
Sum nye skjøtselstiltak			80.000
<u>Tilretteleggings- og informasjonstiltak på innfallsportar</u>			
10.	Oppsetting infoskilt Fundingsland	Nordraheia/Hjelmeland	15.000
11.	Oppsetting infoskilt Kvanndalen	Kvanndalen/Suldal	10.000
12.	Opprydding infopunkt Håhellervatn	SVR/Sirdal/Valle	15.000
13.	Informasjonsskilt Håhellervatn	SVR/Sirdal/Valle	80.000
14.	Informasjonsskilt Ådneram	SVR/Sirdal	80.000
15.	Informasjonsskilt Kjerag	Frafjordheiane/Sandnes	120.000
16.	Info- og sikringstiltak, Kjerag	Frafjordheiane/Sandnes	30.000
17.	Restaurering av Gurostien	SVR/Sirdal/Valle	50.000
18.	Infoskilt om solblom ved Mån	Frafjordheiane/Gjesdal	20.000
19.	Infoskilt Urevassvegen	SVR/Bykle	15.000
Sum tiltak på innfallsportar			435.000
Total sum			820.000

Dersom nokre av tiltak ikkje kan gjennomførast som planlagt, og det oppstår behov for omdisponering, blir denne omdisponeringa delegert til forvaltningssekretariatet i samråd med styreleiar. Om nokre av tiltaka skulle vise seg å være underfinansiert kan det søkast om meir midlar i dei supplerande tildelingane som Miljødirektoratet gjer i april, juni, september og desember.

SVR vil og søke Miljødirektoratet om ytterlegare tiltaksmidlar til utforming av informasjon om villrein og verneområda i den planlagde utstillinga i Kraftvitensenteret på Tonstad.

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

På bakgrunn av vedtak i AU sak 35/25, meldte verneområdestyret inn behov for tiltaksmidlar for 2026 til Miljødirektoratet. Den totale søknadssummen var på kr 820.000,- og 19 ulike tiltak i verneområda vart prioritert.

Miljødirektoratet si tildeling vart offentleg 17.02.2026. For første gong har SVR blitt tildelt heile summen det vart søkt om, og alle dei omsøkte tiltaka vart godkjent av Miljødirektoratet.

For tiltak 7 «*Brenning og rydding i Fidjadalen*» hadde Miljødirektoratet denne kommentaren: «*Forvaltningsmyndigheten må sikre at dette ikke går på tvers av villreinplanene*». Etter forvaltningssekretariatet si vurdering kan dette tiltaket gjennomførast utan konflikt med tiltaksplanen for villreinområde. Fidjadalen ligg midt inne i Frafjordheiane landskapsvernområde, og det har truleg ikkje vore villrein i Fidjadalen på nærare 30 år. Faren for konflikt med villreinen skulle derfor være minimal.

AU sin søknad om tiltaksmidlar for 2026 byggjar på signal frå Miljødirektoratet og innspel frå kommunar, lag og organisasjonar i SVR.

Miljødirektoratet har i brev frå 27.10.2025, bedt om at verneområdestyret melder inn behov for tiltaksmidlar for 2026. Dette gjeld for alle verneområda verneområdestyret er forvaltningsstyresmakt for. Frist for innmelding var 10.01.2026. Det skulle meldast inn behov med nettobeløp, dvs. utan mva. Midlar til tiltak i verneområde er løyvt over Statsbudsjettet, budsjettpost 1420.31. Miljødirektoratet tildeler midlane ut frå postføremål og budsjetttrammer, og verneområdestyret skal sjølv disponere og prioritere bruken av midla dei blir tildelt. Miljødirektoratet framhevar at det overordna målet for bruken tiltaksmidlane er at naturtilstanden i verneområda skal betrast.

I dokumentet: «*Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder 2026-2030*» har derfor Miljødirektoratet lagt opp til at ulike typar tiltak skal prioriterast i denne rekkefølga:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke truslar mot verneverdiane
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Besøksforvaltningstiltak i verneområder med høgt besøkstrykk
5. Besøksforvaltningstiltak i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)

Tiltak som er ein del av besøksforvaltninga i eit verneområde, skal forankrast i ein eigen besøksstrategi. Besøksstrategien for SVR vart godkjent i desember 2018, og kan brukast som grunnlag for prioritering av tiltak.

Forvaltningssekretariatet har hatt kontakt med kommunar og ulike samarbeidspartnarar om kva vi bør prioriterer av tiltak i 2026. Med bakgrunn i desse innspel, føringar i besøksstrategien og egne erfaringar, har vi utarbeidd ei liste over tiltak vi meiner treng midlar i det komande året. Ettersom Miljødirektoratet sine føringar for prioriteringa av tiltaksmidlar for 2026-2026 er svært tydelege, så har desse og blitt tillagt stor vekt. Dette medfører mellom anna at vi ikkje har prioritert tilretteleggingstiltak som ikkje er forankra i besøksstrategien.

2026 blir det sjuande året der tiltaka i besøksstrategien skal settast ut i livet, og det femte året der vi legg opp til utarbeiding av informasjonsskilt etter «*Merkevaren Norges nasjonalparker*». På bakgrunn av attståande tiltak i Besøksstrategi for SVR, vil tiltak på innfallsportane Kjerag, Ådneram og Håhellervatnet bli prioritert. Nå som vi har fått midlar til tiltaka vi ønskjer å gjennomføre, vil skiltplanen i besøksstrategien være oppfylt etter 2026 sesongen. Til saman sju pågåande skjøtselsprosjekt blir vidareført i 2026. Det er og lagt opp til evaluering av to av skjøtselstiltaka i 2026.

Etter at AU meldte hadde inn sine behov for tiltaksmidlar for 2026, mottok forvaltningssekretariatet ein førespurnad frå Sirdal kommune om bidrag til utstillingane i det nye Kraftvitensenteret på Tonstad. Senteret vil stå ferdig seinhausten 2026 og vil etter planen opne i årsskifte 2026/2027. Det er ønske om at informasjon om villrein og verneområda skal være ein del av utstillinga, og SVR er spurt om å bidra til utforming og finansieringa av denne. Utstillingsarealet SVR skal fylle er på om lag 10 m². Noko som til dømes kan gjerast gjennom montering av 8-10 informasjonsplakatar på 70x100 cm. SVR sitt bidrag til utstillinga kan derfor kostnadsbereknast til om lag kr 50.000,-.

Vurdering

Forvaltningssekretariatet legg opp til å gjennomføre tiltaka vi har fått midlar til i tråd med AU si innmelding av behov. Det vil bli arbeidskrevjande å få på plass alle dei attståande informasjonsskilta, men det er svært positivt at skiltplanen i besøksstrategien vil være gjennomført i løpet av 2026. Dette vil gjere det mogleg å sette av meir ressursar til andre tilretteleggings- og informasjonstiltak i dei komande åra.

SVR vil søke Miljødirektoratet om ytterlegare tiltaksmidlar, til deltaking i utstillinga på Kraftvitensenteret, i dei supplerande tildelingane som skjer i april, juni, september og desember.

Bidrag til det nye senteret er naturleg nok ikkje omtala i Besøksstrategi for SVR, men det er opna for involvering i liknande namngjevne utstillingar. Det er likevel viktig at involvering i dette prosjektet ikkje går utover arbeidet med ei eventuell utviding av den eksisterande utstillinga på Kveven. SVR er alt tungt inne i denne utstillinga, og det vil være naturleg å prioritere slutføringa av denne.

Arbeidet innhald og utforming av eit såpass omfattande utstillingsbidrag vil bli krevje mykje arbeid, og kan medføre at andre arbeidsoppgåver må utsettast.



Arkivsaksnummer: 2026/2740

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 23.02.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	11/26	03.03.2026

Møteplan for verneområdestyret 2026

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret vedtek følgjande møteplan for 2026:

Dato	Sted	Merknad
3. mars	Revsnes hotell, Bygland	
10. - 11. juni	Hovden i Bykle	Synfaring og møte med AU i villreinnemnda
27. august	Kvinesdal	Med rådgjevande utval
Oktober.	Heiplansamling	Tid ikkje bestemt. Truleg i Vinje,

--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Etter gjeldande vedtekter for verneområdestyret kap. 5, bør verneområdestyret ha minimum fire møte i året og elles når leiaren krev det. Leiaren har plikt til å kalle inn til styremøte om minst ein tredjedel av medlemmane ønskjer det.

Møta i verneområdestyret vert normal halden som fysiske møte rundt i dei aktuelle kommunane. I 2025 vart møta halden i Sandnes, Åseral, Sirdal og Suldal.

Vurdering

Verneområdestyret har pleid å ha fire fysiske styremøte i året. Ein har forsøkt å kombinere eitt av styremøta med synfaring knytt til aktuelle saker og tema.

For møtet i juni er det tenkt at delar av møtet vert saman med arbeidsutvalet i villreinnemnda for setesdalsområdet samt leiar og sekretær i villreinlaget. Villreinnemnda og verneområdestyret er særskilte sentrale aktørar i bestand- og arealforvaltninga for villrein, og det har tidlegare vore etterlyst eit slikt treffpunkt.

Til møtet i august bør også rådgjevande utval kallast inn. Dette er særleg aktuelt no med tanke på gjennomføring av tiltaksplanen og ikkje minst arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen.

Siste styremøte er lagt til heilplansamlinga. Truleg vert dette i Vinje, men tid og sted er ikkje bestemt.

Forslag til møteplan for 2026 går fram av vedtaket.

Konklusjon

Verneområdestyret vedtek møteplanen for 2026 slik det går fram av vedtaket.



Arkivsaksnummer: 2026/2855

Saksbehandlar: Alf Odden

Dato: 24.02.2026

Utval	Utvalsak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	12/26	03.03.2026

Søknad om dispensasjon til snøskutertransport av varig rørslehemma elev i samband med skuletur til Sandvatn turisthytte i Frafjordheiane landskapsvernområde, Sirdal kommune - Vikeså skule

Forvaltar si innstilling

Vikeså skule får dispensasjon til å bruke snøskuter til transport av ein varig rørslehemma elev i samband med ein fast skuletur til turisthytta Sandvatn i Frafjordheiane landskapsvernområde.

Dispensasjonen gjeld for to transportar, fordelt på to dagar, i løpet av perioden 03.03-30.04.2026.

Transporten skal ta til ved Lortabu og følgje kvista løype inn til Sandvatn slik det er vist på kartet i vedtaket. Alternativt kan kvista løype Høgaleite-Sandvatn følgjast. Løyve gjeld og for leigekøyraren som skal utføre transporten.

Vedtaket er fatta etter §48 i naturmangfaldslova.

Løyve blir gjeve med desse vilkåra:

- Namn på leigekøyrar skal meldast til SVR så snart dette er avklart
- Løyvet skal alltid vera med under transporten
- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa

Vedtaket er grunngjeve med at dette er ein årviss tur for 10. årstrinn på Vikeså skule, og at det er verdifult at og varig rørslehemma elevar kan delta. Ein dispensasjon er og i tråd med føringane i forvaltningsplanen. Det blir lagt stor vekt på at motorferdsla har ei svært avgrensa omfang, og at den i liten grad vil medføre ytterlegare forstyrring av dyrelivet i område. I høve til sjølve skuleturen vil mototferdsla berre utgjere ein liten tilleggsbelastning. I høve til villreinens noverande områdebruk er det liten fare for konflikt.

For bruk av snøskuter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Om du skal køyre over andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

Kart over køyreruter til Sandvatn



--- slutt på innstilling ---

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå 20.02.2026, og telefonsamtale med søker same dag.

Vikeså skule søker om å få bruke snøskuter til transport av ein varig rørslehemma elev i samband med ein skuletur til turisthytta Sandvatn i Frafjordheiane landskapsvernområde. Turen til Sandvatn er ein fast tur for 10. årstrinn, og blir gjennomført i mars-april. Sjølv transporten vil bli gjennomført av ein leigekøyrar.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Frafjordheiane landskapsvernområde av 30.01.2004.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldslova

Heimelsgrunnlag

Frafjordheiane landskapsvernområde og dei tilgrensande naturreservata Ørestø og Migaren vart oppretta ved Kronprinsregenten sin resolusjon 19.12.2003. Direktoratet for naturforvaltning vedtok 30.01.2004 ei mindre endring i verneforskrifta

Føremålet med opprettinga av Frafjordheiane landskapsvernområde er etter §2 mellom anna:

- å ta vare på eit representativt, særprega og vakkert landskap, med bratte fjord- og dalsider via lågheiar opp til glattskurt høgfjell.

- å ta vare på vatn og vassdrag, viktige leveområde for eit særmerkt plante- og dyreliv, geologiske landskapsformer, samt beite- og stølslandskap med automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Vidare heter det at *"Allmenta skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging"*.

Motorisert ferdsel i verneområdet blir regulert av verneforskrifta §3, punkt 5.1. Her heter det at motorferdsel er forbode på land og i vatn. Motorferdsla det er søkt om kjem etter vårt syn ikkje inn under nokre av dei spesifikke dispensasjonheimlane i verneføreskrifta og krev derfor dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova for å kunne gjennomførast. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå vernebestemminga om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

I Forvaltningsplan for SVR er motorisert transport for varig rørslehemma omtala på side 37. Her heiter det først at rein persontransport ikkje er tillate. Deretter går det fram at det i heilt spesielle høve kan gis løyve til varig rørslehemma til eiga hytte eller likande stader dei har sterk tilknytning til, dersom transporten ikkje kjem i konflikt med verneføremål og verneverdiar. Det går vidare fram at definisjonen av rørslehamma følgjer Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-1/96, og at slike transportar om mogleg skal gjennomførast av leigekøyrar.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Store deler av den aktuelle køyreruta går i eit ope høg fjellandskap om lag 900-1100 moh. Frafjordheiane blir i liten grad brukt av villreinen, og denne låge bruken har vore mønsteret ei tid. I www.dyreposisjoner.no er det ikkje registret GPS-plott i dette området i perioden 2006-2025. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det registrert eit villreintrekk ved Sandvatn. Motorferdsla det er søkt om kjem i kontakt med desse villreintrekka, men slik villreinens områdebruk er i dag, vil det ikkje oppstå konflikt. Etter 2020 har det vore observert nokre mindre villreinflokkar vest for Lysevegen, men ikkje så langt vest som dei aktuelle køyrerutene. Viktig kunnskap er og henta frå kartfortelling delnorm 3 ([Delnormtresetesdalryfylke | Villrein](#)) som vart nytta i klassifiseringa etter kvalitetsnorma.

I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no), tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland, samt viltkart for Sirdal kommune.

På viltkartet for Sirdal kommune er det registrert informasjonen om trua eller nær trua arter på Norsk raudliste for arter 2021 og andre verdifulle arter, relativt nær det aktuelle løypenettet. Ettersom dei aktuelle lokalitetane framleis er i bruk etter at løypenettet har vore kvista i om lag 30 år, er det mykje som tydar på at ferdsla i løypenettet ikkje utgjer noko større trugsmål mot lokalitetane.

Forvaltningssekretariatet har ikkje informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2025 eller andre verdifulle naturtypar som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase Askeladden. Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er få private hytter i verneområdet, men det er om lag 300 hytter i Hunnedalen som genererer mykje ferdsel inn i Frafjordheiane. Det er og ein del motorferdsle i område frå før i samband med transport av ved og proviant til stolar og driftehytter. I tillegg gjennomfører Stavanger Røde Kors Hjelpekorps og andre redningsgrupper kjentmannsturar til turishyttene. Tilsaman er det gitt dispensasjon til om lag 20 årlege snøskutertransportar på strekninga Lortabu-Sandvatn. Det er og mange skiløparar som nyttar dei tre turishyttene i vintersesongen. Vinteren 2024 var det registrert 566 overnattingar på Sandvatn.

Sjølv om denne delen av Frafjordheiane er eit potensielt leveområde for villrein, og det er ein del både motorisert og ikkje motorisert ferdsle i område frå før, vurderer ikkje forvaltningsmyndigheita den samla belastninga som urovekkjande høg slik villreinens arealbruk er i dag. Etter forvaltningsstyresmakta si meining, vil den motorferdsla det er søkt om i relativt liten grad føre til større belastning på økosystemet i område. Motorferdsla følgjer faste køyreruter og dei alle fleste transportane gjennomførast i eit svært avgrensa tidsrom. Om villreinen skulle endre sin områdebruk og på nytt ta i bruk Frafjordheiane, må desse løyva takast opp til ny vurdering.

Vurdering etter §48 i naturmangfaldslova

Motorferdsla det er søkt om har eit avgrensa omfang i høve til den samla ferdsla på denne løypestrekninga. Det er og liten konflikt i høve til villrein og anna dyreliv.

Presedensverknadane av ein dispensasjon blir og vurdert til å være avgrensa. Det er svært få grunnskular som gjennomfører liknade turar i verneområda, og dette er einaste søknadan SVR har fått om transport av ein rørslehemma elev dei siste 15 åra.

§12 omhandlar miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til behovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet dersom eleven skal kunne delta på den faste skuleturen. §11 legg til grunn at eventuelle kostnader

ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Motorferdsloa det er søkt om vil i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Frafjordheiane landskapsvernområde og kjem ikkje i konflikt med verneføremålet. Det kan derfor gis dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova, første ledd.